

NAVF'S

UTREDNINGSINSTITUTT

NORGES
ALMENVITENSKAPELIGE
FORSKNINGSRÅD

1980:3

Utgreiingar om forskning
og høgare utdanning

Arbeidsmarknaden eit halvt år etter eksamen

Kandidatar uteksaminert frå
universitet og høgskolar våren 1979

The Employment Situation Half a Year
after Graduation. Graduates from
Universities and Colleges Spring Term 1979

INSTITUTE FOR STUDIES IN RESEARCH
AND HIGHER EDUCATION

The Norwegian Research Council
for Science and the Humanities

1980:3

Utgreiingar om forskning
og høgare utdanning

**Arbeidsmarknaden
eit halvt år etter
eksamen**

Kandidatar uteksaminert frå
universitet og høgskolar våren 1979

The Employment Situation Half a Year
after Graduation. Graduates from
Universities and Colleges Spring Term 1979

F Ø R E O R D

Frå 1972 har NAVF's utredningsinstitutt gjennom spørjeskjemaundersøkingar søkt å kartleggja korleis kandidatane frå universitet og høgskolar tilpassar seg på arbeidsmarknaden. Undersøkingane har vorte gjennomførde omtrent eit halvt år etter eksamen. I dei første åra vart kvart kull undersøkt, men frå og med våren 1976 har ein berre sett på vårkulla. Dette er ikkje tilfredsstillande for kandidatane frå Noregs tekniske høgskole då studieordninga der er lagt opp slik at hovudtyngda av kandidatane tek eksamen om hausten. Av den grunn tek Instituttet òg sikte på å undersøka i det minste nokre av dei store haustkulla av sivilingeniørar.

I den rapporten som vert presentert her, legg ein fram resultatane frå undersøkinga hausten 1979 (pr 15. november). Denne refererer seg til kandidatane frå vårkullet 1979. Som eit vedlegg til meldinga har ein sett inn resultatane frå undersøkinga for sivilingeniørkandidatane frå haustkullet 1979 (undersøkinga vart gjennomført pr 15. mai 1980).

Undersøkinga femner om kandidatar frå tradisjonelt opne studium med unntak av teologi. Dessutan har ein teke med kandidatar frå Noregs handelshøgskole, Noregs tekniske høgskole, Arkitekthøgskolen i Oslo, Noregs veterinærhøgskole, Noregs landbrukshøgskole og kandidatar frå dei 2- og 3-årige studieretningane ved distriktshøgskolane. Kandidatar frå pedagogisk seminar, interfakultære cand.mag. frå Oslo og cand.mag. frå Tromsø er ikkje tekne med i undersøkinga.

Rapporten er utarbeidd av Ole-Christen Hæreid.

Oslo, oktober 1980

NAVF's utredningsinstitutt

Sigmund Vangsnes

I N N H A L D

	Side
TABELLOVERSYN.....	7
FIGUROVERSYN.....	9
1. SAMANDRAG.....	11
2. INNLEIING OG DEFINISJONAR.....	17
3. UTVIKLINGA PÅ ARBEIDSMARKNADEN I PERIODEN 1972-1979.....	21
Kandidatar som fann det "Vanskeleg å få arbeid".....	21
Fordeling av yrkesaktive kandidatar etter delen tilsett i offentleg teneste.....	28
Lønnsutvikling.....	31
Vurdering av utdanning i høve til arbeidsoppgåver.....	34
Vurdering av arbeidsmarknadssituasjonen.....	37
4. NÆRARE PRESENTASJON AV HOVUDRESULTATA FRÅ UNDERSØKINGA I 1979...	45
Filologar (Cand.philol.).....	46
Filologar (Mag.art.).....	48
Filologar (Cand.mag.).....	49
Realistar (Cand.real.).....	50
Realistar (Cand.mag.).....	51
Juristar.....	52
Sosialøkonomar (Cand.oecon.).....	54
Sosialøkonomar (Exam.oecon.).....	55
Psykologar.....	56
Sosiologar.....	57
Statsvitarar.....	58
Pedagogar.....	59
Samfunnsvitarar.....	60
Veterinærar.....	61
Farmasøytar.....	62
Siviløkonomar.....	63

	Side
Sivilingeniører.....	64
Arkitektar.....	65
Landbrukskandidatar.....	66
Distriktshøgskolekandidatar.....	68
Gymnasfylke sett i høve til arbeidsplassfylke for akademikarar utanom distriktshøgskolekandidatar.....	70
5. SUMMARY IN ENGLISH.....	85
6. TABELLVEDLEGG.....	91
7. VEDLEGG:	
Arbeidsmarknaden for sivilingeniørkandidatane frå hausten 1979 (pr 15. mai 1980).....	105

TABELLOVERSYN

	Side
1.1. Fordeling av kandidatane som svara ved undersøkinga i 1979..	11
3.1. Kandidatar frå kvart vårkull som vart registrerte å ha "Vanskeleg å få arbeid" ca ½ år etter eksamen, sett i høve til talet på kandidatar frå kullet som melde seg på arbeidsmarknaden i dette tidsrommet.....	40
3.2. Dei yrkesaktive kandidatane frå vårkulla 1976, 1977, 1978 og 1979 relativt fordelte etter i kva for næringssektorar dei arbeidde ca ½ år etter eksamen.....	41
3.3. Kandidatgruppene si gjennomsnittlege månadsløn (ekskl. ekstra inntekter) for vårkulla 1973, 1974, 1975, 1976, 1977, 1978 og 1979.....	42
3.4. Den prosentvise delen av dei yrkesaktive kandidatane som tykte <u>utdanninga</u> passa "GODT" i høve til arbeidsoppgåvene dei hadde.....	43
3.5. Den prosentvise delen av kandidatane frå kvart vårkull som vurderte arbeidsmarknadssituasjonen for gruppa si som "DÅRLEG" med omsyn til å få passande arbeid i Oslo-området og i resten av landet.....	44
4.1. Uteksaminerte kandidatar og svarprosent for vårkullet 1979..	72
4.2. Kandidatane frå vårkullet 1979 fordelte etter <u>aktivitet</u> ca ½ år etter eksamen.....	73
4.3. Dei yrkesaktive kandidatane frå vårkullet 1979 relativt fordelte etter i kva for ein del av landet dei arbeidde ca ½ år etter eksamen.....	74
4.4. Dei yrkesaktive kandidatane frå vårkullet 1979 relativt fordelte etter korleis dei fekk kjennskap til stillinga.....	75
4.5. Tida det tok for kandidatane frå vårkullet 1979 frå dei byrja aktivt å søka etter arbeid, til dei fekk tilsetjing:..	76
4.6. Dei yrkesaktive kandidatane frå vårkullet 1979 relativt fordelte etter korleis dei vurderte utdanninga i høve til arbeidsoppgåvene sine.....	77

	Side
4.7. Dei yrkesaktive kandidatane frå vårkullet 1979 relativt fordelte etter om dei ønskjer/har planar om å skifta arbeidsplass i løpet av det næraste året.....	78
4.8. Hovudgrunnar til at yrkesaktive kandidatar frå vårkullet 1979 ønskjer/har planar om å skifta arbeidsplass i løpet av det komande året.....	79
4.9. Kandidatar frå vårkullet 1979 relativt fordelte etter korleis dei sjølve vurderte <u>arbeidsmarknadssituasjonen</u> for gruppa si med omsyn til å få passande arbeid i Oslo-området og i "Resten av landet".....	80
4.10. Dei yrkesaktive distriktshøgskolekandidatane frå vårkullet 1979 fordelte etter lærestad og arbeidsplassfylke.....	81
4.11. Dei yrkesaktive distriktshøgskolekandidatane frå vårkullet 1979 fordelte etter gymnasfylke og arbeidsplassfylke.....	82
4.12. Dei yrkesaktive kandidatane (utanom distriktshøgskolekandidatane) frå vårkullet 1979 fordelte etter gymnasfylke og arbeidsplassfylke.....	83
REGISTER FOR TABELLVEDLEGG.....	91

FIGUROVERSYN

	Side
1.1. Arbeidssøkande som hadde "Vanskeleg å få arbeid" rekna i prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden for perioden 1972-1979. Gruppene høgare grad, lågare grad og distriktshøgskolekandidatar.....	12
1.2. Prosentdelen tilsett i offentleg sektor for perioden 1972-1979. Gruppene høgare grad, lågare grad og distriktshøgskolekandidatar.....	13
1.3. Relativ lønsutvikling i perioden 1972-1979 (1973 = 100). Gruppene vaksne menn i industrien, høgare grad, lågare grad og distriktshøgskolekandidatar.....	13
1.4. Den prosentvise delen av dei yrkesaktive kandidatane frå kvart vårkull som tykte <u>utdanninga</u> passa "GODT" i høve til arbeidsoppgåvene dei hadde (svaralternativa var "GODT", "MIDDELS" og "DÅRLEG"). Gruppene høgare grad, lågare grad og distriktshøgskolekandidatar.....	14
1.5. Den prosentvise delen av kandidatane frå kvart vårkull i perioden 1973-1979 som vurderte <u>arbeidsmarknadssituasjonen</u> for gruppa si som "DÅRLEG" med omsyn til å få passende arbeid (svaralternativa var "GOD", "MIDDELS" og "DÅRLEG"). Gruppene høgare grad, lågare grad og distriktshøgskolekandidatar.	
a. Oslo-området.....	15
b. Resten av landet.....	15
3.1. Arbeidssøkande som hadde "Vanskeleg å få arbeid" rekna i prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden for perioden 1972-1979.	
a. Alle kandidatane utanom kandidatane frå samfunnsfag.....	22
b. Samfunnsfag.....	25
3.2. Prosentdelen tilsett i offentleg sektor for perioden 1972-1979. Ulike kandidatgrupper.....	29
3.3. Relativ lønsutvikling i perioden 1972-1979 (1973 = 100). Ulike kandidatgrupper og vaksne menn i industrien.....	32

- 3.4. Den prosentvise delen av dei yrkesaktive kandidatane frå kvart vårkull som tykte utdanninga passa "GODT" i høve til arbeidsoppgåvene dei hadde (svaralternativa var "GODT", "MIDDELS" og "DÅRLEG"). Ulike kandidatgrupper..... 35
- 3.5. Den prosentvise delen av kandidatane frå kvart vårkull i perioden 1973-1979 som vurderte arbeidsmarknadssituasjonen for gruppa si som "DÅRLEG" med omsyn til å få passande arbeid inndelt etter Oslo-området og "Resten av landet". Ulike kandidatgrupper..... 38

1. SAMANDRAG

KANDIDATAR UTEKSAMINERT VÅREN 1979

Frå norske universitet og vitskaplege høgskolar¹⁾ vart 2 055 kandidatar uteksaminerte våren 1979, fordelt med 1 298 kandidatar på høgare grad og 757 kandidatar på lågare grad. Ved dei 2- og 3-årige studieretningane på distriktshøgskolane tok 556 kandidatar eksamen. Omlag eit halvt år etter eksamen vart alle desse kandidatane bedne om å delta i ei spørjeskjemaundersøking om arbeidsmarknadssituasjonen på det tidspunktet. Ved undersøkinga svara 2 275 kandidatar, noko som gir ein svarprosent på 87. Tabell 1.1 viser korleis svara til kandidatane fordelte seg.

Tabell 1.1. Fordeling av dei kandidatane som svara ved undersøkinga i 1979.

Utdanna i Noreg							Kandidatar som arbeide i utlandet
Kandidatar i Noreg							
Arbeidssøkarar			Ikkje arbeidssøkarar				
Yrkesaktive			"Vanskeleg å få arbeid"	Studerte vidare	Avtente verneplikta	Anna	
Fast arbeid	Mellombels arbeid av lengde						
	Over 6 mnd	Under 6 mnd					
710	495	118	157	608	117	47	23
1 323				772			
2 275							


"VANSKELEG Å FÅ ARBEID"

I alt melde 1 480 kandidatar seg på arbeidsmarknaden. Av desse fann 10.6 prosent (157 kandidatar) det "Vanskeleg å få arbeid" (sjå definisjon i kapittel 2). Det er tredje året på rad at denne prosentdelen ligg mellom 10 og 11. I Figur 1.1 ser ein nærare på utviklinga i den delen av dei arbeidssøkande som hadde "Vanskeleg å få arbeid" rekna i

1) Eksklusive legar, tannlegar, teologar og kandidatar frå Pedagogisk seminar, interfakultære cand.mag. frå Oslo og cand.mag. frå Tromsø.

prosent av alle dei som melde seg på arbeidsmarknaden for perioden 1972-1979. Ein skil i figurane mellom tre kategoriar: Kandidatar med eksamen av høgare grad frå universitet eller eksamen frå vitskaplege høgskolar, kandidatar med eksamen av lågare grad frå universitet (hovudsakleg cand. mag.) og distriktshøgskolekandidatar.

Dei data som Figur 1.1 byggjer på, peikar i retning av at arbeidsmarknads-situasjonen for kandidatar med høgare grad har betra seg frå 1978 til 1979. Derimot synest tilhøva for lågare grad og for distriktshøgskolekandidatar å ha blitt dårlegare. For kandidatar med høgare grad vart prosentdelen med "Vanskeleg å få arbeid" redusert frå 9.3 til 7.4, medan den auka frå 13.2 til 17.8 for kandidatar med lågare grad og frå 14.2 til 15.3 for distriktshøgskolekandidatane.




Figur 1.1. Arbeidssøkande som hadde «Vanskeleg å få arbeid» rekna i prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden for perioden 1972-79.

Det som særmerker utviklinga for distriktshøgskolekandidatane, er dei store svingingane frå eit år til eit anna for perioden 1972-1977 (observasjonar frå 11 til 30 prosent). I dei seinare åra synest det heile å ha stabilisert seg noko. Ein merker seg òg at frå 1976 verkar tilhøva på arbeidsmarknaden noko lettare for distriktshøgskolekandidatar enn for kandidatar av lågare grad.


1) Fleirtalet av desse kandidatane studerte vidare.

Av figuren ser ein vidare at i heile den aktuelle perioden var arbeidsmarknaden lettast for kandidatar med høgare grad. Med unntak av startåret 1972 (5.9 prosent) og 1976 (11.0 prosent) har mellom 7.4 og 9.3 prosent av dei som søkte arbeid hatt "Vanskeleg å få arbeid".

For kandidatane med lågare grad¹⁾ var prosentdelen som hadde "Vanskeleg å få arbeid" omlag den same som for dei med høgare grad i 1972 og 1973. Men frå 1974 er det ein markert skilnad. For lågare grad steig då prosenten til 19.1, medan den for høgare grad heldt seg stabil på 8.8. Nivået i 1975 var omlag det same som i 1974. Det klart høgaste prosenttalet for lågare grad er registrert i 1976 (26.2 prosent). Tilhøva vart mellombels betre i 1977 og 1978 med observasjonar på omlag 14 prosent. Men ein merker seg den etter måten sterke auken frå 1978 til 1979.



Figur 1.2. Prosentdelen tilsett i offentlig sektor for perioden 1972-79.



Figur 1.3. Relativ lønsutvikling i perioden 1972-79 (1973 = 100).

DELEN TILSETT I OFFENTLEG TENESTE

Figur 1.2 viser prosentdelen av dei yrkesaktive som vart tilsett i den offentlege sektor for perioden 1972-1979. I heile perioden har omlag 90 prosent av dei yrkesaktive kandidatane med lågare grad byrja i offentlig sektor. For høgare grad synest det tilsvarande talet å ha stabilisert seg på omlag 75 prosent. (For ein del kandidatgrupper med høgare grad er den private sektor den vanlegaste arbeidsplassen - sjå kapittel 3.)


I motsetnad til dei to andre hovudgruppene, byrjar eit fleirtal av dei nyuteksaminerte distriktshøgskolekandidatane i privat sektor. Det synest jamt over som berre 35 prosent av dei yrkesaktive kandidatane startar i offentlig sektor (høgaste observasjon 44 prosent, lågaste 29 prosent).

LØNSUTVIKLING

Utviklinga i relativ løn for perioden 1972-1979 har ein søkt å visa i Figur 1.3 (1973 = 100). Som referanse har ein sett inn lønsutviklinga for vaksne menn i industrien (oppgåver frå Norsk Arbeidsgiverforening/Statistisk Sentralbyrå). Medan industriarbeidarar (gjennomsnitt for alle lønstakarane) og nytilsette distriktshøgskolekandidatar hadde ein auke i lønene frå 1978 til 1979 har det vore ein nedgang i begynnarlønene for kandidatane med høgare og lågare grad. Lønsstoppen ser ut til å ha hatt ein annan verknad på lønene i offentlig enn i privat verksemd.

Av figuren går det fram at for heile perioden har vaksne menn i industrien hatt ein sterkare relativ lønsauke enn nyutdanna akademikarar. Mellom kandidatane er det dei frå distriktshøgskolane som har hatt den beste utviklinga i begynnarlønene. Men nivået ligg framleis lågare enn for dei andre kandidatgruppene (sjå kapittel 3).

Høgare grad kjem noko betre ut enn lågare grad, men stort sett har løns-utviklinga for desse gruppene vore parallelle





Figur 1.4. Den prosentvise delen av dei yrkesaktive kandidatane frå kvart vårkull som tykte *utdanninga* passa «GODT» i høve til arbeidsoppgåvene dei hadde (svaralternativa var «GODT», «MIDDELS» og «DÅRLEG»).

UTDANNING OG ARBEIDSOPPGÅVER

Kandidatane vert òg bedne om å vurdere utdanninga i høve til arbeidsoppgåver. Frå 1978 til 1979 er det små endringar i vurderinga. Det er tendensen over fleire år som er mest interessant. Figur 1.4 syner at ved alle undersøkingane har yrkesaktive kandidatar av høgare grad vore mest nøgde; 65 prosent av desse kandidatane tykte utdanninga passa "GODT" til arbeidsoppgåvene. Med unntak av siste året har stadig færre yrkesaktive kandidatar med lågare grad svara at utdanninga passa "GODT" i høve til arbeidsoppgåvene. I 1972 vurderte 58 prosent tilhøvet som "GODT", i 1978 var prosenten komen ned i 41 (44 prosent i 1979). Observasjonane for yrkesaktive distrikthøgskolekandidatar viser ikkje like stø tendens. Fram til 1976 var det etter måten store svingingar, men frå 1976 har delen av distrikthøgskolekandidatane som tykkjer utdanninga passar "GODT" til arbeidsoppgåvene stabilisert seg rundt 55 prosent.

VURDERING AV ARBEIDSMARKNADEN

Frå og med 1973 vart kandidatane bedne om å vurdere situasjonen på arbeidsmarknaden for gruppa si i "Oslo-området" og i "Resten av landet". Generelt vert arbeidsmarknaden vurdert som noko betre av kandidatane i 1979 enn i 1978. I Figur 1.5 har ein teikna inn prosentdelen som vurderte arbeidsmarknadssituasjonen til "DÅRLEG" i dei to områda. For Oslo-området er det kandidatar av lågare grad som vurderer arbeidsmarknadssituasjonen til å vera dårlegast. Fram til 1976 meinte ein stadig større del av kandidatane at arbeidsmarknadssituasjonen for gruppa var "DÅRLEG" (21 prosent i 1973, 63 prosent i 1976). Rett nok synest situasjonen å betra seg noko mot slutten av 70-åra, men framleis held meir enn 40 prosent av kandidatane arbeidsmarknadssituasjonen for å vera "DÅRLEG" i Oslo-området.



Figur 1.5. Den prosentvise delen av kandidatane frå kvart vårkull i perioden 1973–79 som vurderte arbeidsmarknadssituasjonen for gruppa si som «DÅRLEG» med omsyn til å få passende arbeid (svaralternativa var «GOD», «MIDDELS» og «DÅRLEG»).

Den same tendensen, "lågt" startpunkt med ein auke fram mot 1976 og betring deretter, finn ein òg att for høgare grad. Men utslaga for denne kandidatgruppa er ikkje like markerte. Toppunktet i 1976 ligg på 46 prosent (mot 63 prosent for lågare grad). Mot slutten av 70-åra tykte omlag 30 prosent av kandidatane med høgare grad at arbeidsmarknaden var "DÅRLEG".

I heile perioden er det ein tydeleg mindre del av distriktshøgskolekandidatane som vurderer arbeidsmarknadssituasjonen som "DÅRLEG" i Oslo-området. Tendensen er heller ikkje like klar som for dei andre gruppene, sjølv om ein finn att dei same hovudtrekka. Den lågaste verdien fell i startåret (13 prosent) og toppverdien (30 prosent) finn ein alt i 1975. Mot slutten av 70-åra held rundt 20 prosent av distriktshøgskolekandidatane arbeidsmarknadssituasjonen for å vera "DÅRLEG".

Vurderinga av arbeidsmarknadssituasjonen i "Resten av landet" skil seg på fleire måter sterkt frå vurderinga av situasjonen i Oslo-området. I heile perioden er det mellom distriktshøgskolekandidatane ein finn den største delen som vurderer arbeidsmarknadssituasjonen som "DÅRLEG". Etter at 32 prosent vurderer arbeidsmarknadssituasjonen til å vera "DÅRLEG" i dei to første åra, når ein òg her toppunktet i 1975 (53 prosent). I slutten av 70-åra ligg atter nivået på omlag 30 prosent. I store trekk følgjer vurderinga av tilhøva i "Resten av landet" mønsteret frå vurderinga av Oslo-området. Men nivået ligg høgare, omtrent 10–20 prosentpoeng. Det er verd å merka seg dette. Desse skolane er mellom anna oppretta for å tena distriktsmålsettingar, men kandidatane synest å meina det er langt lettare å skaffa seg arbeid i Oslo-området.

Fram til 1975 vurderte kandidatar med høgare grad arbeidsmarknadssituasjonen til å vera omlag lik i Oslo-området og i "Resten av landet". Men frå 1976 er det ein mindre del som held arbeidsmarknadssituasjonen for å vera "DÅRLEG" i "Resten av landet", jamt over nærare 10 prosentpoeng. (Det er store variasjonar innom gruppa med høgare grad - sjå kapittel 3.)

Av kandidatar med lågare grad går omlag 70 prosent til skolen. Særleg sidan 1977 har det vore godt med lærarstillingar utover landet, men ikkje i Oslo. Prosentdelen som vurderer arbeidsmarknadssituasjonen som "DÅRLEG" i Oslo er difor langt høgare enn for "Resten av landet".

2. INNLEIING OG DEFINISJONAR

Våren 1972 byrja NAVF's utredningsinstitutt ei spørjeskjemaundersøking mellom dei uteksaminerte kandidatane ved universitet og høgskolar. Kandidatane vert her spurde om arbeidsmarknadssituasjonen eit halvt år etter eksamen. Fram til og med 1975 tok ein føre seg både vår- og haustkullet, men frå 1976 har ein berre intervjuet vårkulla. Dette har ein gjort avdi ein meiner vårkulla skulle gi eit tilstrekkeleg godt bilete av tilhøva for dei enkelte utdanningsgruppene. Eit viktig unnatak finn ein rett nok. Ved Noregs tekniske høgskole er studieordninga slik at hovudtyngda av kandidatane tek eksamen om hausten. (I 1979 tok 117 kandidatane eksamen om våren, medan 574 kandidatar avslutta studiet om hausten.) Gjennom eigne undersøkingar i 1977 og 1979 er difor to store haustkull sivilingeniørar følgd opp. Resultata frå granskinga for haustkullet 1979 er sett inn som vedlegg til denne meldinga.

I kapittel 3 tek ein føre seg utviklinga på arbeidsmarknaden i perioden 1972-1979. Ein vil der sjå nokre av resultata frå 1979-undersøkinga i samheng med resultat frå tidlegare offentleggjorde undersøkingar frå Instituttet.

Kapittel 4 gir ein nærare presentasjon av resultata frå den undersøkinga som vart gjennomført pr 15. november 1979. Alle data der refererer til vårkullet 1979 (V-79). Detaljerte tabellar over næringssektorfordeling, fordeling på menn og kvinner, sivilingeniørane fordelte på avdelingar, landbrukskandidatane og distriktshøgskolekandidatane fordelte på studieretningar m.m. finn ein i tabellvedlegget i kapittel 6.

I undersøkinga har ein teke med følgjande utdanningsgrupper:

- Filologar (Cand.philol., mag.art. og cand.mag.)
- Realistar (Cand.real. og cand.mag.)
- Juristar (Cand.jur.)
- Sosialøkonomar (Cand.oecon. og exam.oecon.)
- Psykologar (Cand.psychol. og mag.art.)
- Sosiologar (Cand.sociol., cand.polit. og mag.art.)
- Statsvitarar (Cand.polit. og mag.art.)
- Pedagogar (Cand.paed., cand.polit. og mag.art.)
- Samfunnsvitarar (Cand.mag.)
- Veterinærar (Cand.med.vet.)
- Farmasøytar (Cand.pharm.)
- Siviløkonomar (NHH)
- Sivilingeniørar (NTH)
- Arkitektar (NTH og Arkitekthøgskolen i Oslo)
- Landbrukskandidatar (NLH)
- Distriktshøgskolekandidatar (frå 2- og 3-årige studieretningar)

Våren 1979 tok 2 611 kandidatar eksamen i dei utdanningskategoriene undersøkinga omfattar.¹⁾ Av desse svara 2 275 på spørjeskjemaet, noko som gir ein svarprosent på 87. Ein gjer spesielt merksam på at alle tal og tabellar refererer seg til dei innkomne svara.

DEFINISJONAR AV AKTIVITET

Til "Yrkesaktive kandidatar" reknar vi her forutan dei som var i fast arbeid (faste tilsetjingar og sjølvstendige næringsdrivande) også dei kandidatane som hadde mellombels arbeid i kortare eller lengre tid (vikariat, engasjement o.l.). Kandidatar som ikkje har fått passande arbeid i høve til utdanninga trass i at dei har søkt aktivt, og som mellombels har teke tilfeldige jobbar, vert ikkje rekna til gruppa yrkesaktive. Ein må her presisera at dei kandidatane som vert rekna til denne gruppa sjølve gav opp at arbeidet var av tilfeldig art. Dei såg på det aktuelle arbeidet som ei naudløysing.

Kategorien "Vanskeleg å få arbeid" femner om dei kandidatane som gav opp å vera utan inntektsgjevande arbeid på teljingspunktet trass i at dei aktivt hadde søkt etter arbeid (var arbeidsledige), dei som hadde reint tilfeldig arbeid som ikkje var i samsvar med utdanninga og kandidatar som anten studerte vidare eller arbeidde i eigen heim avdi det var "Vanskeleg å få arbeid".

Med "Studerte vidare" forstår ein kandidatar som ønskte å studera vidare og som ikkje aktivt søkte arbeid.

"Anna" omfattar kandidatar som ikkje søkte arbeid avdi dei ønskte å vera heime, gjennomførde reiser, var sjuke e.l.

"Kandidatar som melde seg på arbeidsmarknaden" ("Arbeidssøkarar") vert då summen av talet på "Yrkesaktive" og "Vanskeleg å få arbeid". (Sjå elles Tabell 1.1 i samandraget.)

DEFINISJONAR AV HOVUDSEKTORAR FOR NÆRING

Med sektoren "Universitet/høgskolar og forskningsinstitutt" forstår ein alle institusjonar for høgare utdanning som byggjer på vidaregåande skole og gir undervisning i minst 2 år, samt alle typar forskningsinstitutt.

1) Universitetet i Tromsø har til no ikkje laga noko fullstendig registrering av cand.mag.-kandidatane. Desse fell difor utanfor undersøkinga. Kandidatar frå Pedagogisk seminar og interfakulære cand. mag. frå Oslo, er heller ikkje med. Oppgåvene frå NTH omfattar nye diplomkandidatar. Kandidatar som våren 1979 tok opp att ein eller fleire eksamenar, er ikkje rekna med.

Til "Skolen" reknar ein grunnskolen, vidaregåande skole og andre skolar (ikkje høgskolar).

"Statsadministrasjonen" omfattar her sentraladministrasjonen, staten sine ytre etatar, politi og rettsvesen.

Under "Fylkes- og kommuneadministrasjon" høyrer også skolepsykologkontora/pedagogisk-psykologiske distriktssentra.

"Offentleg sektor elles" er helse- og sosialsektoren, offentleg veterinærvesen, statlege bank- og finansieringsinstitusjonar (inkl. Noregs Bank), bibliotek, museum og NRK.

Til "Privat sektor" reknar ein næringssektorane industri og bergverk, bygg og anlegg, kraft og vassforsyning, varehandel, bank og forsikring, samferdsel, forretningsmessig tenesteyting, nærings- og fagorganisasjonar, privat veterinærteneste og primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske.

UNIVERSITET OG HØGSKOLEEKSAMEN

"Lågare grad" femner om cand.mag.- og exam.oecon.-eksamen frå universitet.

"Høgare grad" femner om universitetseksamen over cand.mag.- og exam.oecon.-nivå og eksamen frå følgjande høgskolar: Noregs tekniske høgskole, (sivilingeniør og arkitekt), Noregs landbrukshøgskole, Noregs handels-høgskole og Arkitekthøgskolen i Oslo.

FOR AT RESULTATA I DENNE RAPPORTEN IKKJE SKAL FEILTOLKAST, UNDERSTREKAR EIN

- Oversynet gjeld nyuteksaminerte kandidatar og gir ikkje noko dekkande bilete av tilhøva for det samla talet for dei enkelte utdanningsgruppene.
- Oversynet gir eit bilete av situasjonen på eit gitt tidspunkt, 15. november 1979, det er ingen prognose over den framtidige utviklinga.

Standardteikn som vert nytta i publikasjonen:

- Tal finst ikkje
- Oppgåve manglar
- Null

3. UTVIKLINGA PÅ ARBEIDSMARKNADEN I PERIODEN 1972-1979

Gjennom presentasjonen av 5 oversiktstabellar og tilhøyrande figurar søkjer ein i dette kapitlet å gi eit oversyn over utviklinga på arbeidsmarknaden for dei enkelte kandidatgruppene i perioden 1972-1979. Ein tek føre seg ulike felt, og på kvart av desse kommenterer ein utviklinga. Dei fleste data ein baserer seg på, vert presenterte i dei 5 oversiktstabellane til slutt i avsnittet, men nokre data frå dei første undersøkingane må ein gå til tidlegare meldingar frå Instituttet for å finna.


Først ser ein på kandidatar som fann det "Vanskeleg å få arbeid". Deretter tek ein føre seg kor stor del av dei yrkesaktive kandidatane frå kvar faggruppe som arbeider i offentleg sektor. For dei store gruppene av høgare grad, fleire enn 50 yrkesaktive kandidatar, og distriktshøgskolekandidatane ser ein òg på lønsutviklinga. Til slutt presenterer ein nokre vurderingar frå kandidatane si side: først om kor godt dei yrkesaktive kandidatane tykte utdanninga passa til arbeidsoppgåvene, deretter ei vurdering av arbeidsmarknadssituasjonen i "Oslo-området" og i "Resten av landet".

KANDIDATAR SOM FANN DET "VANSKELEG Å FÅ ARBEID"

Gjennom to figurar søker ein å gi eit bilete av kor vanskeleg det var å få arbeid for ulike kandidatgrupper i perioden 1972-1979. I Figur 3.1.a ser ein på alle kandidatar utanom kandidatane frå samfunnsvitenskaplege fag. Denne figuren dekker då alle dei "store" faga (fleire enn 50 kandidatar) og i tillegg to mindre fag, arkitektar og farmasøytar. (Filologar med høgare grad har ein slege saman cand.philol- og mag.art.-gruppa.) Alle samfunnsfaga er samla i Figur 3.1.b. Dette er ei rekke "mindre" fag (færre enn 50 kandidatar). Avdi utvala er småe, vert dei oppgjevne prosenttala usikre. Trass i dette vel ein å presentera resultatata i form av ein eigen figur.

I Figur 3.1.a (sjå neste side) er det distriktshøgskolekandidatane som gjennomgåande har den største delen som fann det "Vanskeleg å få arbeid" rekna i prosent av alle arbeidssøkande.

Svingningane i prosenttala var store fram til 1977, men nivået låg høgt (for desse åra sett under eitt fann 16.6 prosent av kandidatane det "Vanskeleg å få arbeid"). I dei tre siste åra synest tilhøva å ha betra seg noko. 13.8 prosent av dei arbeidssøkande kandidatane frå distriktshøgskolane fann det då "Vanskeleg å få arbeid".



Figur 3.1.a. Arbeidssøkande som hadde «Vanskeleg å få arbeid» rekna i prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden for perioden 1972–79.

Alle kandidatar utanom kandidatane frå samfunnsfag.

Nest dårlegast ut, når ein ser heile perioden samla, kom filologar med cand.mag.-eksamen. Desse kandidatane hadde det mest vanskeleg i perioden 1974-1976 (mellom 19.8 og 26.5 prosent), men heller ikkje 1979 (18.2 prosent) var noko godt år for denne kandidatgruppa. For heile perioden sett under eitt, var i gjennomsnitt 16.5 prosent av dei arbeidsøskande utan passande arbeid eit halvt år etter eksamen.

Ingen av arkitektane frå det første kullet ein undersøkte (V-72) hadde "Vanskeleg å få arbeid". Men i dei tre neste åra var det gjennomgåande mange (21.1 prosent) som hadde vanskar på arbeidsmarknaden. Frå og med 1976 verkar det som tilhøva vert noko betre. For denne perioden er mellom 7.1 og 13.3 prosent av dei arbeidssøskande registrerte å ha "Vanskeleg å få arbeid". I desse åra verkar det som delen med vanskar vert større når fleire melder seg på arbeidsmarknaden. Ein merker seg her at vi ser på ei lita kandidatgruppe; frå kvart årskull er det mindre enn 50 arbeidssøkarar.

Sivilingeniørane frå vårkulla er òg mellom dei kandidatgruppene der mange kandidatar har hatt "Vanskeleg å få arbeid". Særleg var problema store for vårkullet frå 1973 (22.4 prosent). I dei andre åra har delen med vanskar variert mellom 6.3 og 14.6 prosent. Det verkar som tilhøva har betra seg noko for dei siste to vårkulla. Som nemd i innleiinga, tek eit stort fleirtal av sivilingeniørkandidatane eksamen (fullfører diplomoppgåva) om hausten. I kapittel 7 ser ein mellom anna på om det er nokon skilnad i delen som har hatt "Vanskeleg å få arbeid" mellom vår- og haustkulla.

Frå og med vårkullet i 1976 har òg ein stor del av juristkandidatane "Vanskeleg å få arbeid". Fram til 1976 hadde juristane stort sett same (eller noko lågare) del med vanskar som gjennomsnittet for høgare grad. Men frå og med 1976 er skilnaden markert. For desse fire vårkulla har 15.5 prosent av juristane "Vanskeleg å få arbeid", medan det tilsvarande talet for kandidatar av høgare grad er 8.3 prosent. Ei forklaring er at i dette tidsrommet melde langt fleire nyutdanna juristar seg på arbeidsmarknaden enn i den føregåande perioden. Talet på ledige stillingar for juristar auka ikkje i same takt. Dermed fekk ein større del av kandidatane vanskar på arbeidsmarknaden. No legg ein merke til at delen med vanskar var lågare i 1979 enn i dei tre føregåande åra. Dette utslaget kan vera tilfeldig, men juristane kan òg overta på arbeidsplassar andre kandidatgrupper tidlegare har hatt (mellom anna er talet på sosialøkonomkandidatar redusert).

I dei fleste åra har cand.mag.-kandidatar av realistar kome langt betre ut enn gjennomsnittet for alle kandidatar frå universitet og høgskolar. Men nokre observasjonar trekker sterkt i negativ lei. Denne kandidatgruppa kom særleg dårleg ut i 1976 og 1977, men heller ikkje 1979 var noko godt år. Tilhøva var positive i 1972, 1973 og 1978.

I høve til gjennomsnittet for høgare grad kjem filologane (cand.philol. og mag.art.) godt ut i 1974 og 1975. Som for fleirtalet av dei andre kandidatgruppene var 1976 òg eit vanskeleg år for filologane. Ser ein heile undersøkingsperioden under eitt, finn ein at 5.7 prosent av filologane var registrerte å ha vanskar på arbeidsmarknaden eit halvt år etter eksamen. Det tilsvarande talet for høgare grad er 8.5 prosent.

Landbrukskandidatane var ikkje med ved undersøkingane i 1972 og 1975. For denne kandidatgruppa verkar det å vera ei markert betring mot slutten av 1970-åra. Ved dei første undersøkingane (1973, 1974 og 1976) fann ein at 12.0 prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden, hadde "Vanskeleg å få arbeid". For perioden 1977-1979 er dette talet kome ned i 6.0 prosent.


For realistane (cand.real.) verkar det som 1972 og 1979 var særleg lette år på arbeidsmarknaden. Men også ved dei fleste andre undersøkingane kom denne kandidatgruppa betre ut enn gjennomsnittet for høgare grad (unnataka var 1975 og 1977). Ser ein alle åra under eitt, var det 6.1 prosent av realistane som hadde "Vanskeleg å få arbeid". Dette er betre enn for kandidatar av høgare grad sett samla (8.5 prosent).

Mellom dei store kandidatgruppene (fleire enn 50 kandidatar) er det siviløkonomane som har hatt langt lettast å få arbeid. For perioden 1972-1979 utgjør delen med vanskar 4.6 prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden (6.1 prosent for realistar og 8.5 for høgare grad). I høve til andre grupper verkar det som kandidatane frå vorkullet i 1972 hadde det noko vanskeleg. På den andre sida legg ein merke til at i 1976, då mange kandidatar hadde problem, vart berre 2.7 prosent av siviløkonomane registrert å ha "Vanskeleg å få arbeid".

Den av gruppene i Figur 3.1.a som kjem klart best ut, er farmasøytane (dette er ei "lita" gruppe, mindre enn 50 kandidatar i kvart kull). Kandidatgruppa kom først med ved undersøkinga i 1973. Ved dei to første undersøkingane fann ein dei høgaste tala for kandidatane med vanskar for denne gruppa (6.3 prosent). For alle undersøkingane sett samla har ein funne at 3.8 prosent av kandidatane har hatt "Vanskeleg å få arbeid". Ein merker seg vidare at det aldri har vore meir enn ein kandidat frå kvart kull som har hatt vanskar med å finna arbeid.

Resultata for kandidatgrupper med samfunnsfagleg utdanning er vist i Figur 3.1.b (sjå neste side). Ein strekar på nytt under at dette er småe kandidatgrupper. Dei enkelte prosenttala må difor ikkje tilleggast stor vekt. Men ser ein heile perioden 1972-1979 samla, skulle ein på eit brukbart bilete av tilhøva for dei ulike kandidatgruppene.

Det er samfunnsvitarar med cand.mag.-utdanning som har hatt størst vanskar med å få passende arbeid. Med unnatak av 1972 (5.3 prosent) har mellom 18 og 43 prosent av kandidatane som melde seg på arbeidsmarknaden, hatt "Vanskeleg å få arbeid". Sett samla er talet 24.8 prosent.



Figur 3.1.b. Arbeidssøkande som hadde «Vanskeleg å få arbeid» rekna i prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden for perioden 1972–79.

Samfunnsfag

Det er sosialøkonomar (cand.oecon.) som kjem nest dårlegast ut mellom kandidatane frå samfunnsfaga. For perioden 1972-1979 har 10.5 prosent (vanlegves 2-4 kandidatar pr kull) av desse kandidatane hatt vanskar (2 prosentpoeng meir enn gjennomsnittet for høgare grad). Talet på kandidatar har blitt redusert mot slutten av 70-åra. Men dette ser ikkje ut til å ha betra sjansane for å få arbeid vesentleg (for kommentar til 1979-undersøkinga, sjå avsnittet om sosialøkonomar i kapittel 4). Årsakene kan vera fleire. I nokre stillingar ønskjer ein å tilsetja sosialøkonomar, men fleire arbeidsgjevarar føretrekkjer å la stillingar stå ubesette eller tilsetja kandidatar med anna utdanning, framfor å tilsetja kandidatar med svakare karakterar. Vidare tyder ting på at til dømes siviløkonomar er i ferd med å gå inn på sosialøkonomane sine tidlegare einemerker.

Sosiologane har òg visse vanskar på arbeidsmarknaden. Prosenttal skal ein ikkje leggja særleg vekt på då dette er ei lita gruppe (for perioden under eitt hadde 9.8 prosent vanskar), men det viser seg at i kvart vårkull (med unnatak av dei to første) er det vanlegvis ein eller to kandidatar som har "Vanskeleg å få arbeid" (i 1976 var det tre kandidatar).

Exam.oecon. (1. avdeling sosialøkonomi) kandidatar er òg spurde. No er det vanlegvis få av desse som går ut i arbeidslivet, dei fleste byrjar på 2. avdelingsstudiet. Det var berre i 1973 og 1974 at nokre kandidatar (4) gav opp at dei hadde "Vanskeleg å få arbeid". Tilsaman utgjer desse 8.9 prosent av exam.oecon.-kandidatane som melde seg på arbeidsmarknaden.

Ved den første undersøkinga i 1972 var det ingen psykologar som hadde "Vanskeleg å få arbeid". I kvart av åra 1973-1975 hadde så ein kandidat vanskar. Frå og med 1976 kan det verka som arbeidsmarknaden ikkje er fullt så lett for psykologane; både i 1976 og 1979 hadde 2 kandidatar vanskar, i 1978 var det 3 medan 1 kandidat hadde "Vanskeleg å få arbeid" i 1977. Ser ein heile undersøkingsperioden samla, finn ein at i alt 4.3 prosent av kandidatane som melde seg på arbeidsmarknaden, hadde vanskar med å finna arbeid som høvde til utdanninga.

Statsvitarane kom nest best ut mellom kandidatane frå samfunnsfaga. Berre i åra 1974-1976 vart det registrert kandidatar med "Vanskeleg å få arbeid", og kvar gong var det ein kandidat som hadde vanskar. Desse 3 kandidatane utgjer tilsaman 2.4 prosent av dei statsvitarane som melde seg på arbeidsmarknaden i perioden 1972-1979.

Også mellom pedagogane er det registrert 3 med vanskar eit halvt år etter eksamen. Desse fann ein ved undersøkingane i 1974, 1977 og 1979. Samla var det nokre fleire pedagogar enn statsvitarar som melde seg på arbeidsmarknaden. Delen pedagogar utan passande arbeid vert difor noko lågare. For perioden 1972-1979 er den funne til å vera 2.1 prosent for nyuteksaminerte kandidatar.

I framstillinga av figurane har ein sett bort frå veterinærane. Det verkar som denne kandidatgruppa ikkje har vanskar med å få arbeid. Rett nok fann ein at 2 kandidatar frå vorkullet 1973 hadde "Vanskeleg å få arbeid" eit halvt år etter eksamen. Men i ingen av dei etterfølgjande åra har det vore meld vanskar. Delen med vanskar for perioden 1973-1979 (kandidatgruppa kom først med ved 1973-undersøkinga) vert då 2.1 prosent.

DELEN TILSETT I OFFENTLEG SEKTOR


I Tabell 3.2 er dei yrkesaktive kandidatane fordelte etter i kva for næringssektor dei arbeidde eit halvt år etter eksamen. Med utgangspunkt i denne tabellen har ein så slege saman alle dei offentlege sektorane. Dermed har ein for kvar av kandidatgruppene funne ut kor stor prosentdel av dei nye kandidatane som har vore tilsett i offentlig sektor for perioden 1972-1979. Resultatet er presentert i Figur 3.2 (sjå neste side).

Av figuren ser ein at det er filologane (cand.philol., mag.art. og cand.mag.) som gjennomgåande har hatt den største prosentdelen av nye kandidatar tilsett i offentlig sektor. Berre i 1973 og 1977 hadde ei anna gruppe (samfunnsfag) ein større del tilsett i offentlig sektor. Prosentdelen filologar i offentlig sektor har halde seg stabil. Den har variert mellom 97 (1975) og 92 (1977 og 1979), men det verkar som prosentdelen tilsett i det offentlege vart redusert med 2-3 prosentpoeng mot slutten av 1970-åra. Frå og med 1976 er anten 92 eller 93 prosent av dei yrkesaktive filologane registrerte å arbeida i offentlig sektor. For heile perioden sett under eitt er 94 prosent av kandidatane blitt tilsette i offentlig sektor.

Nest etter filologane er samfunnsvitarane den gruppa som har den største delen yrkesaktive kandidatar tilsett i det offentlege. Denne gruppa omfattar ei rekke mindre kandidatgrupper; sosialøkonomar (cand.oecon. og exam.oecon.), psykologar, sosiologar, statsvitarar, pedagogar og cand.mag. i samfunnsfag. Ein har her funne å kunna slå saman desse gruppene då delen offentlig tilsette ikkje varierer særleg mellom dei enkelte faggruppene. Undersøkingane tyder på at omkring 90 prosent av dei nyuteksaminerte samfunnsvitarane byrja å arbeida i offentlig sektor, mens i nokre år (1972 og 1973) har det vore så mykje som 95 prosent. For heile perioden finn ein prosentdelen i offentlig sektor til å vera 92.

Variasjonane frå eit år til eit anna er noko større for dei nytilsette realistane (cand.real. og cand.mag.) enn for dei to tidlegare nemde gruppene. Prosentdelen i offentlig sektor har variert mellom 93 (1972) og 82 (1975). Ein finn at 88 prosent frå denne kandidatgruppa er blitt tilsett i offentlig sektor.

Juristane har igjen ein noko lågare del tilsett i offentlig teneste enn realistane. I perioden 1972-1979 utgjorde denne 86 prosent. Av figuren ser ein at delen av nye kandidatar i offentlig teneste var størst i dei første åra (91-93 prosent), medan den i 1975-1978 heldt seg på 82-85 prosent. I 1979 auka den så til 88 prosent.



Figur 3.2. Prosentdelen tilsett i offentlig sektor for perioden 1972–79.

Dei gruppene ein til no har sett på omfattar alle grupper av lågare grad og hovudtyngda av høgare grad. Men blant kandidatgruppene av høgare grad finst det òg nokre der delen tilsett i offentleg sektor er lågare. Det er dette som gjer at høgare grad har ein mindre del tilsett i offentleg teneste enn høgare grad (sjå Figur 1.2).

Sivilingeniørane er mellom dei kandidatgruppene med ein større del i privat teneste. Rett nok vart heile 77 prosent offentleg tilsett i 1972, men frå 1973 har prosentdelen lege mellom 52 og 63. Av sivilingeniørane som er uteksaminerte om våren, har i alt 59 prosent byrja i offentleg sektor.

Ved alle undersøkingane har eit fleirtal av siviløkonomane vore tilsette i privat sektor, men i 1978 var så mykje som 49 prosent av kandidatane i offentleg teneste. Året før registrerte ein det lågaste talet (32 prosent). I eit fleirtal av åra har mellom 39 og 44 prosent av kandidatane byrja i offentleg sektor. Prosentdelen for heile perioden under eitt er 41.

Også eit fleirtal av distriktshøgskolekandidatane går til privat sektor. Delen i offentleg teneste har variert mellom 29 prosent (1977) og 44 prosent (1975). I alt byrja 35 prosent i offentleg sektor i undersøkingssøkingperioden.

To av gruppene i figuren skil seg klart ut; arkitektar og farmasøytar. Begge desse gruppene vert for det meste rekruttert til privat sektor. Ved undersøkingane har ein kome fram til at 17 prosent av arkitektane og 18 prosent av farmasøytane har byrja i offentleg sektor i perioden 1972-1979.

I Figur 3.2 har ein utelate veterinærar og landbrukskandidatar. Veterinærane er ei lita gruppe, men ser ein heile perioden samla finn ein at omlag 44 prosent av dei yrkesaktive kandidatane finn arbeid i offentleg sektor. Landbrukskandidatane er utelatne ved fleire teljingar. For dei som er gjennomførde har ein funne at mellom 53 og 77 prosent byrjar i det offentlege. Gjennomsnittstalet er 71 prosent.

LØNSUTVIKLING

Ved undersøkingane er kandidatane òg bedne om å gi opp kva dei tener pr månad. Gjennomsnittlege månadslønner er attgjevne i Tabell 3.3. (Data frå 1972 finn ein i tidlegare publikasjonar.) Desse har ein så brukt til å finna den relative lønsutviklinga i perioden (1973 = 100). Som referanse har ein brukt gjennomsnittet for vaksne menn i industrien (oppgåver frå Norsk Arbeidsgiverforening, Statistisk Sentralbyrå). For denne gruppa kjenner vi berre timeløna. Med basis i timelønene har vi laga ein indeks for lønsutviklinga til vaksne menn i industrien. Denne vert så samanlikna med indeksen for månadslønene til dei nyttilsette akademikarane.


I Figur 3.3 (sjå neste side) har ein teikna inn utviklinga for store kandidatgrupper av høgare grad (fleire enn 50 kandidatar), distriktshøgskolekandidatane og vaksne menn i industrien. Fleire grupper med høgare grad har nokonlunde samanfallande utvikling. Ein har då teikna utviklinga for kvar gruppe, og så late ytterpunkta bli kantverdiar i omhyllingskurver.

Av figuren går det fram at vaksne menn i industrien har hatt den klart største auken i relative løner, lønsauken har vore på 93 prosent frå 1973 til 1979. Berre i enkelte år har distriktshøgskolekandidatane (den kandidatgruppa som kjem best ut) hatt same prosentvise lønsauken, men for heile perioden kjem dei klart dårlegare ut; prosentvis lønsauke på 77 prosent frå 1973 til 1979.

Samlegruppa for sivilingeniørar, siviløkonomar og filologar (cand. philol.) tente i 1972 frå 91 til 96, 1973 = 100 (ein manglar data for landbrukskandidatane), medan gruppa i 1979 (inkl. landbrukskandidatane) tente frå 171 til 174. Den relative lønsutviklinga har vore noko svakare enn den distriktshøgskolekandidatane kan visa til. Ein legg òg merke til nedgangen i relativ løn frå 1978 til 1979.

To store kandidatgrupper av høgare grad, realistar (cand.real.) og juristar, kom klart dårlegare ut enn dei andre gruppene. Den relative lønsutviklinga for denne gruppa var heile tida stort sett svakara enn for dei andre gruppene. For perioden var lønsauken frå 92, 93 (1972) til 161 (1979).

For å gi eit meir fyldig bilete av lønsutviklinga, har vi søkt å rekna ut ei månadsløn for vaksne menn i industrien. Av lønsstatistikken går det fram at vaksne menn i industrien gjennomsnittleg tente kr 37,49 pr time i 4. kvartal 1979 (på det tidspunkt 1979-undersøkinga vart gjennomført). Reknar ein normal arbeidstid i veka til 40 timar, kjem ein fram til ei månadsløn på 6 498 kroner (vekeløna multiplisert med 51/12). Vi har altså søkt å finna ei månadsløn for fulltidsarbeid i industrien og samanliknar denne med løn for fulltidstilsette akademikarar.



Figur 3.3. Relativ lønsutvikling i perioden 1972–79 (1973 = 100) for vaksne menn i industrien, «store» kandidatgrupper av høgare grad (fleire enn 50 kandidatar) og distriktshøgskolekandidatar. Den lysegrå omhyllingskurva viser lønsutviklinga for sivilingeniørar, siviløkonomar, filologar (cand. philol.) og landbrukskandidatar, den mørkegrå kurva viser utviklinga for realistar (cand. real) og juristar.

Ein ser ved å samanlikna med tala i Tabell 3.3 at med ei månadsløn på 6 500 kroner (alle månadsløner er avrunda til næraste heile ti-krone), tente vaksne menn i industrien 70 kroner meir pr månad enn gjennomsnitt 230 kroner meir i månaden enn industriarbeidaren, medan undersnittet 230 kroner meir i månaden enn industriarbeidaren, medan undersøkinga og berekningane tyder på at nyutdanna juristar (med 6 520 kroner månaden) og industriarbeidarar tente omlag det same i 4. kvartal 1979.

Den sterkare veksten i relative løner for industriarbeidarar, har altså ført til at denne løntakargruppa (gjennomsnitt for alle industriarbeidarar) har teke att og jamvel gått forbi lønsnivået for ein del grupper av nyutdanna akademikarar. Tala tyder på at industriarbeidarane heile tida har vore betre løna enn dei nyutdanna frå nokre akademikergrupper, f.eks. distriktshøgskolekandidatane (for denne gruppa låg månadsløna på 5 670 kroner i 1979 - 830 kroner lågare enn den mannlege industriarbeidaren).

UTDANNING OG ARBEIDSOPPGÅVER

Delen av nyttilsette kandidatar som tykte utdanninga passa "GODT" i høve til arbeidsoppgåvene, er vist i Figur 3.4 (sjå neste side). Figuren er delt inn etter kandidatgrupper. Dei mørke felte viser gjennomsnittstala for perioden 1972-1979, medan dei registrerte observasjonane er merka av gjennom punkta ved sida av søylene (samanfallande observasjonar er merkte av ved sida av kvarandre). Figuren deler kandidatgruppene i høgskolar (med distriktshøgskole), samfunnsfag (med cand.mag.) og andre embetseksamenar.

Høgskolar


Både når ein ser høgskolekandidatane isolert og alle kandidatar samla, er det veterinærane som tykkjer utdanninga passa best til arbeidsoppgåvene. Frå denne gruppa vurderte 90 prosent av kandidatane tilhøvet til å vera "GODT" når ein ser perioden 1973-1979 under eitt (veterinærane kom først med ved 1973-undersøkinga). Variasjonane er heller ikkje store. Det er registrert verdiar frå 83 til 100 prosent.

Arkitektane er den høgskolegruppa som er nest best nøgd, men delen som vurderer utdanninga til å passa "GODT" for arbeidsoppgåvene er med 70 prosent langt lågare enn for veterinærane. Observasjonane for arkitektar har lege mellom 62 og 77 prosent. Landbrukskandidatane ligg med 67 prosent endå noko lågare (denne kandidatgruppa vart ikkje spurd i 1972 og 1975), ein har registrert verdiar frå 56 til 75 prosent. For sivilingeniørane er spreinga av observasjonane endå noko større; delen frå denne gruppa som vurderer utdanninga å høva "GODT" til arbeidsoppgåvene, har variert mellom 56 og 78 prosent. Gjennomsnittsverdien er 65 prosent.

Mellom høgskolegruppene er det distriktshøgskolekandidatar og siviløkonomar som er minst positive i vurderinga av utdanning i høve til arbeidsoppgåver, respektive 52 og 56 prosent av kandidatane har halde tilhøvet for å vera "GODT". Variasjonane er størst for siviløkonomgruppa (frå 40 til 69 prosent), noko mindre for distriktshøgskolekandidatane (mellom 41 og 61 prosent). For tre årskull siviløkonomar har prosentdelen blitt registrert til 56 prosent, medan heile fem av observasjonane for distriktshøgskolekandidatane fell innanfor området frå 53 til 56 prosent.

Samfunnsfag

Mellom samfunnsfaga er statsvitarar og sosiologar mest positive i vurderinga av utdanning og arbeidsoppgåver; respektive 74 og 73 prosent av kandidatane frå dei to gruppene vurderer tilhøvet til å vera "GODT". I 1972 hadde alle dei yrkesaktive sosiologane denne vurderinga. For dei andre åra har prosentdelen variert mellom 63 og 80. Lågast observert



Figur 3.4 Den prosentvise delen av dei yrkesaktive kandidatane frå kvart vårkull som tykte *utdanninga* passa «GODT» i høve til arbeidsoppgåvene dei hadde (svaralternativa var «GODT», «MIDDELS» og «DÅRLEG»).

verdi for statsvitarar finn ein i 1979 (60 prosent). Dei andre registreringane er frå 67 til 85 prosent. Prosentdelen for psykologar ligg omlag på same nivå (71 prosent), som for dei to andre gruppene, men avstanden mellom ytterverdiane, 38 og 91 prosent, er langt større. Dei andre observasjonane ligg i området frå 65 til 82 prosent.

Sosialøkonomane (cand.oecon.) er i gjennomsnitt for perioden klart mindre nøgde med utdanning i høve til arbeidsoppgåver enn dei tre tidlegare nemde samfunnsfaga. Mellom sosialøkonomane vurderte 61 prosent av dei yrkesaktive kandidatane tilhøvet til å vera "GODT", observasjonane ligg mellom 46 og 77 prosent. Pedagogane har omlag den same vurderinga av tilhøvet som sosialøkonomane, gjennomsnittsverdien for observasjonane ligg på 58 prosent. Enkeltobservasjonane har variert mellom 46 og 100 prosent. Samfunnsvitarane (cand.mag.) er igjen noko mindre nøgde enn pedagogane. Dei observerte verdiane for samfunnsvitarane har lege mellom 33 og 68 prosent, med 54 prosent som gjennomsnittsverdi når ein ser heile perioden under eitt.

Andre embetseksamenar

Innan gruppa andre embetseksamenar kjem juristar, farmasøytar og realistar omlag like godt ut, med respektive 72, 72 og 68 prosent av dei yrkesaktive kandidatane frå gruppa som tykte utdanninga passa "GODT" til arbeidsoppgåvene. Realist- og juristgruppa er kjenneteikna av små variasjonar i enkeltobservasjonane. For juristar har desse lege mellom 68 og 80 prosent. Tilsvarande tal for cand.real. er 62 og 73 prosent. Spreiinga i observasjonsmaterialet er litt større for farmasøytane (frå 67 til 81 prosent, 1972-kullet vart ikkje førespurt).

Innanfor denne delgruppa, andre embetseksamenar, kjem kandidatgruppa cand.philol. og mag.art. av filologar i ei mellomstilling. Sett under eitt er det 59 prosent frå denne gruppa som tykte utdanninga passa "GODT" til arbeidsoppgåvene. Enkeltobservasjonane er registrerte i området frå 51 til 68 prosent.

Mest negative, også når ein ser alle kandidatgrupper samla, er dei to cand.mag.-gruppene av filologar og realistar. For begge desse gruppene har ein funne gjennomsnittsverdiane til å vera 46 prosent. Medan enkeltverdiane for cand.mag. filologar etter måten er godt samla (frå 39 til 55 prosent), er avstanden mellom ytterverdiane klart større for gruppa cand.mag. av realistar. Frå denne gruppa har mellom 37 og 65 prosent av dei yrkesaktive kandidatane i perioden 1972-1979 (vårkulla) vurdert utdanninga å passa "GODT" i høve til arbeidsoppgåvene dei hadde.

ARBEIDSMARKNADSSITUASJONEN


Alle nyuteksaminerte kandidatane er bedne om å vurdera arbeidsmarknadssituasjonen for gruppa si i "Oslo-området" og i "Resten av landet". Ein tek her føre seg delen av kandidatane som vurderte tilhøva til å vera "DÅRLEG". Figur 3.5 på neste side er basert på gjennomsnittstal for heile perioden. Ein får altså ikkje noko bilete av tidsutviklinga. Hovudtrekka i tidsutviklinga finn ein i Figur 1.5.a og i Figur 1.5.b; delen som vurderte arbeidsmarknadssituasjonen til å vera "DÅRLEG" auka frå 1973 fram mot 1976 (for nokre grupper 1975). Deretter vart prosentdelen redusert fram til 1979, men nivået i 1979 var gjennomgåande høgare enn i 1973. For dei kandidatgruppene som ikkje følgjer dette mønsteret, vil tilhøva bli kommenterte.

Høgskolar

Arkitektar er den gruppa mellom høgskolekandidatane der den største delen kandidatane vurderer arbeidsmarknadssituasjonen som "DÅRLEG", både for Oslo-området (58 prosent) og "Resten av landet" (40 prosent). Ein merker seg at i 1975 meinte heile 95 prosent av kandidatane at arbeidsmarknadssituasjonen var "DÅRLEG". Dette er den nest høgaste observasjonen ein har funne ved undersøkingane (alle mag.art.-kandidatane av filologar meinte tilhøvet var "DÅRLEG" i 1979). Sivilingeniørane vurderte arbeidsmarknadssituasjonen til å vera betre i Oslo-området enn i "Resten av landet". Prosenttala var 21 respektive 38. Talaterialet tyder på at kandidatane no har eit meir positivt syn på tilhøva i "Resten av landet" enn då undersøkingane starta. For distriktshøgskolekandidatane er dei aktuelle gjennomsnittstala 22 og 35. (For vidare kommentarar om tidsutviklinga for denne gruppa, sjå kapittel 1.)

For perioden under eitt ser veterinærane heller mørkt på arbeidsmarknadssituasjonen i Oslo-området, 38 prosent held den for å vera "DÅRLEG". No ser det rett nok ut til å ha blitt ei markert betring dei siste par åra (17 prosent både i 1978 og 1979). I dei fire siste åra har ingen veterinærar halde arbeidsmarknadssituasjonen for å vera "DÅRLEG" i "Resten av landet" (8 prosent i gjennomsnitt). I høve til tidlegare nemde grupper held få landbrukskandidatar arbeidsmarknadssituasjonen for å vera "DÅRLEG" (21 prosent i Oslo-området og 11 prosent i "Resten av landet"). I dei to siste åra har berre 3 og 5 prosent av kandidatane karakterisert arbeidsmarknaden som "DÅRLEG" i "Resten av landet".

Mellom høgskolegruppene kjem siviløkonomane best ut. Særleg meiner kandidatane arbeidsmarknaden er lett i Oslo-området (2 prosent "DÅRLEG"). Tilsvarande tal for "Resten av landet" er 24 prosent, men ein merker seg her ei klart meir optimistisk vurdering av arbeidsmarknaden dei siste tre åra.



Figur 3.5. Den prosentvise delen av kandidatane frå kvart vårkull i perioden 1973–79 som vurderte arbeidsmarknadssituasjonen for gruppa si som «DÅRLEG» med omsyn til å få passende arbeid inndelt etter Oslo-området (mørkt felt) og «Resten av landet» (lyst felt).

Samfunnsfag

Heile 83 prosent av psykologane meiner arbeidsmarknaden er "DÅRLEG" i Oslo-området. For åra 1975-1978 låg dei tilhøyrande tala mellom 88 og 93 prosent (73 prosent i 1979). Psykologane er den kandidatgruppa, totalt sett, som ser mørkast på tilhøva for å få arbeid i Oslo-området. Derimot meinte berre 10 prosent av desse kandidatane at tilhøva på arbeidsmarknaden var "DÅRLEG" i "Resten av landet".

Mellom sosiologane meiner 29 prosent at tilhøvet er "DÅRLEG" i Oslo-området, medan 57 prosent held arbeidsmarknaden for å vera "DÅRLEG" i "Resten av landet". Samfunnsvitarane (cand.mag.) vurderer tilhøva til å vera like i dei to områda (34 og 35 prosent). Derimot ser sosialøkonomane (cand.oecon. og exam.oecon.) langt lysare på arbeidsmarknads-situasjonen i Oslo-området enn i "Resten av landet". Av cand.oecon.-kandidatane vurderer 11 og 50 prosent tilhøva som "DÅRLEG" i dei to områda (exam.oecon.: 8 og 48 prosent).

Saman med psykologane er pedagogane den einaste samfunnsfaggruppa som vurderer arbeidsmarknaden til å vera betre i "Resten av landet" (9 prosent) enn i Oslo-området (34 prosent).

Statsvitarane er den samfunnsfaggruppa som synest å ha lettast arbeidsmarknad. Berre 8 prosent av kandidatane meiner tilhøvet er "DÅRLEG" i Oslo-området. For "Resten av landet" er prosenttalet 23.

Andre embetseksamenar

Filologane ser mørkast på arbeidsmarknadssituasjonen innan denne gruppa. Heile 70 prosent av cand.philol. og mag.art. meiner tilhøvet er "DÅRLEG" i Oslo-området. For cand.mag. er tilsvarande tal 57. Tala for "Resten av landet" er 25 og 18 prosent. Ein bør leggja merke til (sjå Tabell 3.5) at talseriane for cand.philol. og mag.art. tildels spriker sterkt. Gjennomgåande ser mag.art.-kandidatane langt mørkare på arbeidsmarknads-situasjonen i dei to områda.

Også dei to realistgruppene (cand.real. og cand.mag.) har temmeleg like vurderingar. Begge grupper meiner arbeidsmarknaden er dårlegare i Oslo-området, men cand.mag. ser generelt noko lysare på tilhøva. For cand.real. er prosenttala 44 og 30, medan dei er 36 og 19 for cand.mag.

Juristane meiner arbeidsmarknadstilhøva er litt lettare i Oslo-området enn i "Resten av landet" (31 og 37 prosent). Klart mest positive er farmasøytane. For Oslo-området er det aktuelle prosenttalet 16, medan det berre er ein av dei farmasøytane som har svara ved undersøkingane i perioden 1973-1979, som meiner arbeidsmarknadssituasjonen er "DÅRLEG" i "Resten av landet".

Tabell 3.1. Kandidatar frå kvart vårkull som vart registrerte å ha "Vanskeleg å få arbeid" ca ½ år etter eksamen, sett i høve til talet på kandidatar frå kullet som melde seg på arbeidsmarknaden i dette tidsrommet. (Undersøkingane er føretekte pr 15. nov. i åra 1975, 1976, 1977, 1978 og 1979.)

Kandidatgruppe	Kandidatar som melde seg på arbeidsmarknaden					Kandidatar som hadde "Vanskeleg å få arbeid"					Dei med vanskar prosent av arbeidssøkkande ¹⁾				
	V-75	V-76	V-77	V-78	V-79	V-75	V-76	V-77	V-78	V-79	V-75	V-76	V-77	V-78	V-79
Filologar (Cand.philol.)	129	146	121	108	123	6	18	6	11	12	4.7	12.3	5.0	10.2	9.8
Filologar (Mag.art.)	25	12	12	20	9	1	1	3	1	-	(4.0)	(8.3)	(25.0)	(5.0)	(-)
Realistar (Cand.real.)	111	129	134	148	146	10	11	12	9	4	9.0	8.5	9.0	6.1	2.7
Juristar	126	170	149	188	175	8	26	21	37	22	6.3	15.3	14.1	19.7	12.6
Sosialøkonomar (Cand.oecon.)	33	33	34	28	26	3	5	3	2	4	(9.1)	(15.2)	(8.8)	(7.1)	(15.4)
Psykologar	35	38	42	32	31	1	2	1	3	2	(2.9)	(5.3)	(2.4)	(9.4)	(6.5)
Sosiologar	14	14	11	18	18	1	3	1	2	1	(7.1)	(21.4)	(9.1)	(11.1)	(5.6)
Statsvitarar	19	19	13	13	20	1	1	-	-	-	(5.3)	(5.3)	(-)	(-)	(-)
Pedagogar	19	19	25	13	15	-	-	1	-	1	(-)	(-)	(4.0)	(-)	(6.7)
Veterinærar	10	16	13	9	12	-	-	-	-	-	(-)	(-)	(-)	(-)	(-)
Farmasøytar	17	15	22	24	26	-	-	1	1	1	(-)	(-)	(4.6)	(4.2)	(3.9)
Siviløkonomar	85	74	71	75	77	5	2	5	3	3	5.9	2.7	7.0	4.0	3.9
Sivilingeniørar	136	111	110	95	79	17	16	16	6	7	12.5	14.4	14.6	6.3	8.9
Arkitektar	39	46	34	45	28	7	6	3	6	2	(17.9)	(13.0)	(8.8)	(13.3)	(7.1)
Landbrukskandidatar	..	144	141	155	153	..	17	8	9	10	..	11.8	5.7	5.8	6.5
HØGARE GRAD	812	986	932	971	938	60	108	81	90	69	7.4	11.0	8.7	9.3	7.4
Filologar (Cand.mag.)	167	132	162	148	132	33	35	20	18	24	19.8	26.5	12.4	12.1	18.2
Realistar (Cand.mag.)	34	35	36	31	42	3	6	8	-	6	(8.8)	(17.1)	(22.2)	(-)	(14.3)
Samfunnsvitarar (Cand.mag.)	43	21	30	36	25	12	9	6	11	7	(17.9)	(42.9)	(20.0)	(30.6)	(28.0)
Sosialøkonomar (Exam.oecon.)	1	3	5	5	9	-	-	-	-	-	(-)	(-)	(-)	(-)	(-)
LÅGARE GRAD	245	191	233	220	208	48	50	34	29	37	19.6	26.2	14.6	13.2	17.8
Distriktshøgskolekandidatar	245	221	248	337	334	72	47	28	48	51	29.4	21.3	11.3	14.2	15.3
ALLE KANDIDATAR	1302	1398	1413	1528	1480	180	205	143	167	157	13.8	14.7	10.1	10.9	10.6

1) Prosenttala som er sette i parentes, er baserte på "små" tal (mindre enn 50). Kvar for seg kan dei ikkje tilleggst særleg vekt, då reine tilfelle kan gi store utslag.

Tabell 3.2. Dei yrkesaktive kandidatane frå vorkulla 1976, 1977, 1978 og 1979 relativt fordelte etter i kva for næringssektorar dei arbeidde ca ½ år etter eksamen.

Nærings- sektor Kandidat- gruppe	(1) Universitet og høøgskolar Forskningsinstitutt				(2) Skolen				(3) Stats- administrasjonen				(4) Fylkes- og kommuneadm.				(5) Offentleg sektor elles				(6) Privat sektor				(7) Ikkje oppgjeve				(1)-(7) Sum	Yrkesaktive kandidatar i alt					
	V-76	V-77	V-78	V-79	V-76	V-77	V-78	V-79	V-76	V-77	V-78	V-79	V-76	V-77	V-78	V-79	V-76	V-77	V-78	V-79	V-76	V-77	V-78	V-79	V-76	V-77	V-78	V-79		V-76	V-77	V-78	V-79		
	Filologar (Cand.philol.)	7	15	14	14	83	74	70	77	3	1	5	4	2	2	2	2	2	2	3	1	3	6	5	2	-	-	1	-	100	128	115	97	111	
Filologar (Mag.art.)	64	78	47	45	9	11	11	22	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	27	11	32	22	-	-	10	11	-	-	-	-	100	11	9	19	9
Realistar (Cand.real.)	53	44	42	54	26	29	35	31	4	7	8	3	2	-	-	1	-	1	3	1	1	14	16	14	9	-	1	-	1	100	118	122	139	142	
Juristar	1	2	3	4	-	-	2	1	74	70	64	67	6	5	9	11	-	-	2	6	4	5	17	17	17	12	-	-	1	-	100	144	128	151	153
Sosialekonomar (Cand.oecon.)	21	16	23	14	7	3	-	-	47	52	73	45	4	6	-	5	-	-	7	10	-	9	14	13	4	23	-	-	-	5	100	28	31	26	22
Psykologar	17	17	4	17	11	7	3	-	3	3	-	7	28	39	45	38	-	-	39	34	45	35	2	-	3	3	-	-	-	-	100	36	41	29	29
Sosiologar	36	60	56	53	18	10	6	2	37	20	19	6	-	-	-	-	-	-	9	10	13	12	-	-	6	-	-	-	-	100	11	10	16	17	
Statsvitarar	11	38	77	40	11	8	-	-	44	8	8	35	6	31	15	10	-	-	6	-	-	-	22	15	-	15	-	-	-	-	100	18	13	13	20
Pedagogar	48	29	31	22	21	46	54	50	5	-	-	6	26	21	15	22	-	-	-	-	-	-	4	-	-	-	-	-	-	-	100	19	24	13	14
Veterinarar	19	23	11	8	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	31	15	33	25	50	62	56	67	-	-	-	-	100	16	13	9	12
Farmasøytar	20	10	-	16	-	-	-	-	-	9	-	4	-	-	-	-	-	-	-	9	12	80	81	91	68	-	-	-	-	100	15	21	23	25	
Siviløkonomar	18	11	17	12	5	-	11	8	15	15	8	15	3	6	4	4	-	-	3	-	7	4	56	68	51	57	-	-	-	-	100	72	66	72	74
Sivilingeniørar	48	45	48	50	4	2	2	-	8	7	9	3	-	2	-	-	-	2	1	4	1	38	43	37	46	-	-	-	-	100	95	94	89	72	
Arkitektar	5	-	8	8	-	-	-	-	-	-	2	-	-	7	5	4	-	-	5	3	-	-	90	90	85	88	-	-	-	-	100	40	31	39	26
Landbrukskandidatar	37	34	27	29	10	6	9	8	23	21	25	23	6	10	16	8	-	-	1	1	-	1	23	28	23	31	-	-	-	-	100	127	133	146	143
HØGARE GRAD	25	25	24	26	20	17	18	19	22	20	21	21	4	7	7	5	-	-	4	4	5	4	25	27	25	24	-	-	-	-	100	878	851	881	869
Filologar (Cand.mag.)	1	1	3	2	80	81	87	77	1	1	1	1	-	-	-	1	-	-	6	7	2	6	11	9	7	13	1	1	-	-	100	97	142	130	108
Realistar (Cand.mag.)	21	14	26	17	55	75	35	72	7	4	6	-	-	-	-	-	-	3	4	10	-	14	3	23	11	-	-	-	-	100	29	28	31	36	
Samfunnsvitarar (Cand.mag.)	33	17	16	11	25	25	36	39	8	12	12	27	17	21	4	11	-	-	21	-	6	17	4	32	6	-	-	-	-	100	12	24	25	18	
Sosialekonomar (Exam.oecon.)	67	20	-	11	-	20	20	22	33	40	80	45	-	-	-	-	-	-	20	-	-	-	-	-	22	-	-	-	-	100	3	5	5	9	
LÅGARE GRAD	9	6	8	6	69	72	70	69	4	3	6	6	1	2	1	2	-	-	5	9	3	5	11	8	12	12	1	-	-	-	100	141	199	191	171
Distriktshøgskole- kandidatar	4	2	6	5	8	4	9	5	6	9	5	5	5	8	12	9	-	-	7	6	6	10	70	71	62	66	-	-	-	-	100	174	220	289	283
ALLE KANDIDATAR	20	18	18	19	24	24	23	22	17	15	16	15	4	6	7	6	-	-	5	5	5	6	30	32	31	32	-	-	-	-	100	1193	1270	1361	1323

Tabell 3.3. Kandidatgruppene si gjennomsnittlege månadsløn (ekskl. ekstra inntekter) for vårkulla 1973, 1974, 1975, 1976, 1977, 1978 og 1979. (Alle lønsberekningar refererer seg til kandidatar som arbeidde på heiltid.)

Kandidatgruppe	Gjennomsnittleg månadsløn						
	V-73 (pr 15. nov.-73) kr	V-74 (pr 15. nov.-74) kr	V-75 (pr 15. nov.-75) kr	V-76 (pr 15. nov.-76) kr	V-77 (pr 15. nov.-77) kr	V-78 (pr 15. nov.-78) kr	V-79 (pr 15. nov.-79) kr
Filologar (Cand.philol.)	4 120	4 750	5 580	6 100	6 590	7 250	7 050
Filologar (Mag.art.)	4 060	4 490	5 210	5 810	6 830	6 960	6 990
Realistar (Cand.real.)	4 180	4 720	5 520	5 910	6 440	6 850	6 740
Juristar	4 050	4 480	5 260	5 720	6 070	6 600	6 520
Sosialøkonomar (Cand.oecon.)	4 000	4 500	5 220	5 700	6 240	6 460	6 830
Psykologar	3 860	4 280	5 260	5 740	6 120	6 530	6 410
Sosiologar	4 050	4 270	6 130 ¹⁾	5 870	6 640	6 960	7 110
Statsvitarar	4 430	4 940	5 710	6 130	6 760	6 680	7 010
Pedagogar	4 440	5 280	5 560	6 670	7 380	8 690	7 540
Veterinærar	4 140	6 040	6 370	6 260	7 790	7 000	10 060 ²⁾
Farmasøytar	3 700	4 850	5 650	6 310	6 410	6 890	7 060
Siviløkonomar	3 840	4 450	5 130	5 720	6 240	6 650	6 700
Sivilingeniørar	3 940	4 500	5 300	5 680	6 370	6 830	6 840
Arkitektar	3 930	4 580	4 910	5 440	6 330	6 620	7 120
Landbrukskandidatar	3 720	4 300	..	5 580	5 940	6 430	6 350
HØGARE GRAD	4 000	4 590	5 380	5 810	6 320	6 750	6 730
Filologar (Cand.mag.)	3 700	4 300	4 970	5 330	5 640	6 280	6 070
Realistar (Cand.mag.)	3 770	4 410	5 050	5 200	6 020	6 340	6 210
Samfunnsvitarar (Cand.mag.)	3 990	4 030	5 470 ¹⁾	5 680	5 830	6 200	6 390
LÅGARE GRAD	3 770	4 300	5 060	5 320	5 730	6 280	6 140
Distriktshøgskole- kandidatar	3 210	3 540	4 170	4 630	5 330	5 570	5 670
ALLE KANDIDATAR	3 890	4 350	5 140	5 580	6 060	6 430	6 430

- 1) I kvar av gruppene sosiologar og cand.mag. samfunnsvitarar var det eit par kandidatar som hadde anna utdanning og praksis og som gjekk attende til stillingar med høg løn. Held ein desse utanom gjennomsnittsberekningane, vert månadsløna for sosiologar 5 551 kr og for cand.mag. samfunnsvitarar 5 060 kr.
- 2) Berre 5 kandidatar kom med lønsoppgåver. Sjå kommentar i oversikt om veterinærar i kapittel 4.

Tabell 3.4. Den prosentvise delen av dei yrkesaktive kandidatane frå kvart vårkull som tykte utdanninga passa "GODT" i høve til arbeidsoppgåvene dei hadde. (Svaralternativa var "GODT", "MIDDELS" og "DÅRLEG".)

Kandidatgruppe	Prosentdel av kandidatane som tykte utdanninga passa "GODT" til arbeidsoppgåvene dei hadde						
	V-73	V-74	V-75	V-76	V-77	V-78	V-79
Filologar (Cand.philol.)	64	62	45	49	67	61	48
Filologar (Mag.art.)	44	53	83	91	78	88	89
Realistar (Cand.real.)	62	69	65	69	73	67	69
Juristar	79	69	70	68	70	73	70
Sosialøkonomar (Cand.oecon.)	61	46	52	75	48	73	67
Psykologar	38	91	65	69	70	66	79
Sosiologar	70	63	77	64	70	80	65
Statsvitarar	73	73	83	67	75	85	60
Pedagogar	57	46	58	78	67	69	57
Veterinærar	88	83	100	93	92	89	92
Farmasøytar	67	80	76	67	81	65	71
Siviløkonomar	40	63	50	56	64	56	56
Sivilingeniørar	57	56	64	71	63	64	78
Arkitektar	63	74	72	62	74	74	77
Landbrukskandidatar	66	72	..	75	66	68	56
HØGARE GRAD	62	65	62	67	68	68	64
Filologar (Cand.mag.)	52	53	46	44	39	40	44
Realistar (Cand.mag.)	39	40	42	39	54	37	53
Samfunnsvitarar (Cand.mag.)	59	44	68	60	50	52	33
LÅGARE GRAD	50	49	48	44	43	41	44
Distriktshøgskolekandidatar	43	54	41	53	54	54	56
ALLE KANDIDATAR	59	61	57	62	62	61	60

Tabell 3.5. Den prosentvise delen av kandidatane frå kvart vårkull som vurderte arbeidsmarknadssituasjonen for gruppa si som "DÅRLEG" med omsyn til å få passende arbeid i Oslo-området og i "Resten av landet". (Svaralternativa var "GOD", "MIDDELS" og "DÅRLEG".)

Kandidatgruppe	Prosentdel av kandidatane som vurderte arbeidsmarknadssituasjonen som "DÅRLEG" i:											
	Oslo-området						Resten av landet					
	1974	1975	1976	1977	1978	1979	1974	1975	1976	1977	1978	1979
Filologar (Cand.philol.)	71	76	89	71	61	60	20	24	37	18	13	19
Filologar (Mag.art.)	58	89	44	93	86	100	55	61	64	67	33	50
Realistar (Cand.real.)	42	57	53	46	39	41	31	50	37	28	20	22
Juristar	16	35	43	37	39	28	30	33	51	46	43	35
Sosialøkonomar (Cand.oecon.)	16	21	27	5	-	4	52	67	61	53	34	42
Psykologar	80	89	88	93	91	73	7	16	14	13	-	11
Sosiologar	25	19	64	9	18	37	67	40	87	64	44	53
Statsvitarar	7	11	26	-	8	-	31	18	42	25	15	20
Pedagogar	17	59	44	37	36	43	8	17	12	9	8	7
Veterinærar	22	91	44	37	17	17	10	9	-	-	-	-
Farmasøytar	-	14	37	29	6	23	-	-	-	4	-	-
Siviløkonomar	1	5	2	1	-	1	21	49	30	8	17	12
Sivilingeniørar	14	26	28	19	19	16	37	48	53	39	37	28
Arkitektar	64	95	83	46	35	45	65	73	54	21	27	19
Landbrukskandidatar	25	..	29	23	14	19	17	..	21	10	3	5
HØGARE GRAD	31	43	46	36	31	30	28	40	39	25	22	20
Filologar (Cand.mag.)	45	63	77	68	59	54	12	20	34	23	14	13
Realistar (Cand.mag.)	31	49	54	44	25	30	17	27	30	19	12	13
Samfunnsvitarar (Cand.mag.)	31	42	52	32	32	29	32	32	48	39	35	27
Sosialøkonomar (Exam.oecon.)	12	11	3	9	4	11	58	68	50	40	48	39
LÅGARE GRAD	37	54	63	55	45	41	19	26	35	25	17	16
Distriktshøgskolekandidatar	19	30	26	19	24	20	32	53	42	28	23	29
ALLE KANDIDATAR	31	44	47	38	33	31	26	38	38	26	23	21

4. NÆRARE PRESENTASJON AV HOVUDRESULTATA FRÅ UNDERSØKINGA I 1979

Ein vil i dette kapitlet gjera greie for nokre av dei resultatata som kom fram ved 1979-undersøkinga. Først kommenterer ein resultatata for dei enkelte kandidatgruppene kvar for seg. Nokre av resultatata her er henta frå ein tabell i kapittel 3 (Tabell 3.3 - lønsutvikling). Til slutt vil ein gi nokre kommentarar til eit oversyn over gymnasfylke sett i høve til arbeidsplassfylke for akademikarar utanom distriktshøgskolekandidatar. Sist i avsnittet presenterar ein 12 oversiktstabellar.

Tabell 4.1 gir talet på kandidatar som tok eksamen våren 1979, kor mange som svara ved undersøkinga og svarprosent. I tabellen trekker ein vidare ut dei personane som var busette i utlandet på teljingstidspunktet; ein er i undersøkinga berre interessert i personar busette i Noreg.

I Tabell 4.2 vert kandidatane fordelte etter aktivitet på teljings-tidspunktet, mens Tabell 4.3 seier noko om fordelinga av arbeidsstadene utover i landet for nyutdanna akademikarar. Frå Tabellane 4.4 - 4.8 får ein så ei rekke opplysningar om dei yrkesaktive kandidatane; korleis dei fekk kjennskap til stillinga, tida det tok før dei fekk tilsetjing, vurdering av utdanning i høve til arbeidsoppgåver, om dei ønskjer/har planar om å skifta arbeidsplass i løpet av det komande året og i så fall hovudgrunnar til at dei ønskjer det. Tabell 4.9 syner så korleis kandidatane vurderte arbeidsmarknadssituasjonen i "Oslo-området" og i "Resten av landet". To tabellar refererer seg til distriktshøgskolekandidatane. Tabell 4.10 fordeler dei yrkesaktive distriktshøgskolekandidatane på lærestad og arbeidsplassfylke, medan Tabell 4.11 fordeler dei same kandidatane på gymnasfylke og arbeidsplassfylke. Tabell 4.12 tek for seg fordeling på gymnasfylke og arbeidsplassfylke for nyutdanna akademikarar utanom distriktshøgskolekandidatar.

DEI ENKELTE UTDANNINGSGRUPPER¹⁾FILOLOGAR*Cand. philol.*

Uteksaminert våren 1979	:	190 personar
Ved undersøkinga svara ¹⁾	:	168 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	123 personar
av desse; yrkesaktive	:	111 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	12 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	9.8 prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	7 050 kroner

Av dei 123 kandidatane frå våren 1979 som melde seg på arbeidsmarknaden, var det 12 (9.8 prosent) som ikkje hadde fått passende arbeid etter eit halvt år. Prosenttalet for nyutdanna cand philol. ligg noko over gjennomsnittet for kandidatar med eksamen av høgare grad (2.4 prosentpoeng). Elles legg ein merke til at det var fleire kvinner (7) enn menn (5) som hadde "Vanskeleg å få arbeid", trass i at mennene var i fleirtal både blant dei uteksaminerte kandidatane (87 mot 81) og mellom arbeidssøkarane (66 mot 57). Derimot var det liten skilnad i den relative fordelinga på fast arbeid og mellombels arbeid (over 6 månader og under 6 månader). Prosentdelane i dei tre gruppene var for menn 43, 51, 6 og for kvinner 40, 50, 10. Ein legg òg merke til at heile 24.4 prosent av kandidatane studerte vidare. Dei aller fleste av desse tok Pedagogisk seminar.

Dei yrkesaktive kandidatane er "godt" fordelte utover landet; den relative fordelinga av arbeidsplassane til nyutdanna cand.philol. over landsdelane samsvarar bra med fordelinga av innbyggjarane i Noreg på landsdelar (desse tala er henta frå Statistisk Årbok (SÅ) 1979).

1) Berre personar busette i Noreg er med i undersøkinga.

Filologar og innbyggjarar i alt etter landsdel 1979. Prosent.							
	Austlandet		Sør-landet	Vest-landet	Trønde-lag	Nord-Noreg	Sum
	Aust-Oslo	landet eller					
Filologar (cand.philol.)	24	19	4	25	13	15	100
Innbyggjarar	11	37	6	25	9	12	100

I grove trekk kan ein seia at det er ei forskyving i favør av Oslo frå Austlandet elles. Samsvaret er likevel vesentleg betre enn for dei fleste kandidatgrupper. Dette kan henge saman med at ein stor del cand.philol. blir tilsette i skolen. Skolen tok i alt 76 prosent av dei yrkesaktive kandidatane, fordelt med 24 prosent på grunnskolen, 38 prosent i vidaregåande skole, studieretning for allmenne fag og 9 prosent i andre studieretningar i vidaregåande skole eller andre skoleslag. Ved universitet og høgskolar byrja 12 prosent og 2 prosent ved forskningsinstitutt. Elles gjekk 5 prosent til statsadministrasjonen, 2 prosent til kommuneadministrasjonen og 1 prosent til kvar av gruppene bibliotek og museum, industri og bergverk og anna verksemd.

Den observerte gjennomsnittlege månadsløna for cand.philol. låg ved denne undersøkinga omlag 300 kroner over gjennomsnittet for høgare grad. Dette heng blant anna saman med høg gjennomsnittsløn i skolen. Årsaka til dette finn ein ikkje i noko spesielt god grunnløn (lektorar i vidaregåande skolar startar på lønstrinn 17 i statsregulativet, medan konsulentar i staten byrjar i 18), men det er svært vanleg at lektorar har meir enn full post. For mange vert difor månadsløna høgare enn grunnløna i l.tr. 17. I tillegg kjem sjølvstøtt at enkelte kandidatar kan ha tidlegare praksis og opptent lønsansiennitet, eller at dei går inn i stillingar med høgare begynnarløn, t.d. som lektorar i lærarskolen.

Fleirtalet av dei yrkesaktive kandidatane (60 prosent) fekk kjennskap til stillinga gjennom arbeidsgjevarannonse. Hovudtyngda av dei andre yrkesaktive (24 prosent) var tilsette på arbeidsstaden frå før. Elles var ikkje tida det tok frå kandidatane byrja søka etter arbeid til dei fekk tilsetjing, spesielt lang. Etter 4 veker hadde 49 prosent fått arbeid, medan 18 prosent vart tilsette i dei neste 4 vekene. Dei tilsvarande tala for høgare grad var 54 prosent og 20 prosent.

Dei yrkesaktive kandidatane vart òg spurde om korleis dei vurderte utdanninga i høve til arbeidsoppgåvene sine. Tala tyder på at cand.philol.-gruppa denne gongen er noko mellomnøgde; 48 prosent svara "godt", 44 prosent "middels" og 8 prosent "dårleg". Dette avspeglar seg òg i at eit fleirtal av dei yrkesaktive (52 prosent) ønskte/hadde planar om å skifta arbeidsplass i løpet av det næraste året. Hovudgrunnar til dette var at stillinga var mellombels/vikariat (56 prosent) og at kandidatane ønskte eit arbeid som svara betre til utdanninga (23 prosent).

Vidare vart kandidatane bedne om å vurdera arbeidsmarknadssituasjonen i "Oslo-området" og i "Resten av landet". Denne vurderinga peikar i retning av ein heller dårleg arbeidsmarknadssituasjon for cand.philol. i Oslo; berre 2 prosent tykte den var "god", 38 prosent meinte den var "middels" og heile 60 prosent vurderte den som "dårleg". Dette er ei langt meir pessimistisk haldning enn dei fleste andre gruppene med høgare grad gir uttrykk for (høgare grad samla: 32 prosent, 38 prosent og 30 prosent). Inntrykket av tilhøva i "Resten av landet" er noko betre. Arbeidsmarknadssituasjonen tykkjest der å vera "middels". 22 prosent vurderte den som "god", 59 prosent som "middels" og 19 prosent som "dårleg".

Mag.art.

Uteksaminert våren 1979	:	13 personar
Ved undersøkinga svara	:	10 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	9 personar
av desse; yrkesaktive	:	9 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	0 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(0)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 990 kroner

Som vi ser, hadde ingen av filologane med mag.art.-utdanning "Vanskeleg å få arbeid". Av dei 9 yrkesaktive kandidatane arbeidde 4 ved universitet og høgskolar, 2 i skolen, 2 på bibliotek og museum og 1 i jordbruk og skogbruk. Berre 2 av kandidatane hadde fast arbeid. Av dei mellombels tilsette var 5 tilsette for meir enn eit halvt år, medan 2 var tilsette for ein kortare periode. Gjennomsnittleg månadsløn var 6 990 kroner.

Filologar med mag.art.-utdanning synest å vera langt meir nøgde med utdanninga i høve til arbeidsoppgåvene enn cand.philol.-gruppa, 8 av 9 kandidatar svara "godt", 1 "middels" og ingen "dårleg". Trass i dette ønskte halvparten av kandidatane (4 av dei 8 som svara på spørsmålet) å skifta arbeidsplass i løpet av det næraste året. Grunnen til dette synest grei nok; mange mag.art. sit i mellombelse stillingar. 3 av 4 gir opp dette som grunn, medan ein kandidat ønskte arbeid som svara betre til utdanninga. Kandidatane var samde i si vurdering av arbeidsmarknadssituasjonen i Oslo-området. Alle meinte den var dårleg. For "Resten av landet" meinte den eine halvparten av kandidatane at arbeidsmarknadssituasjonen var "middels", medan den andre halvparten vurderte den som "dårleg".

Cand.mag.

Uteksaminert våren 1979	:	405 personar
Ved undersøkinga svara	:	342 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	132 personar
av desse; yrkesaktive	:	108 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	24 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	18.2 prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 070 kroner

Som ein rimeleg kan venta, held ein stor del av kandidatane med cand.mag.-utdanning fram å studera; 53 prosent av dei 338 kandidatane som er med i undersøkinga studerte vidare. I alt 132 kandidatar søkte etter arbeid. Av desse var det 24 personar (18.2 prosent) som fann det "Vanskeleg å få arbeid". Fleirtalet av dei yrkesaktive kandidatane (56 prosent) hadde mellombels arbeid ut over 6 månader, 24 prosent hadde fast arbeid, medan delen som hadde mellombels arbeid av kortare lengde enn 6 månader utgjorde 20 prosent. Det store fleirtalet av yrkesaktive cand.mag. (77 prosent) arbeidde i skolen og med grunnskolen (54 prosent) som største arbeidsplass. 12 prosent arbeidde i vidaregåande skole, studieretning for allmenne fag og 11 prosent i andre studieretningar i vidaregåande skole. Elles arbeidde 13 prosent i privat sektor, 1 prosent i kvar av sektorane statsadministrasjon og fylkes- og kommuneadministrasjon, 6 prosent i offentleg sektor elles, medan 2 prosent arbeidde ved universitet og høgskolar. For cand.mag.-kandidatane låg gjennomsnittleg månadsløn på 6 070 kroner.

Cand.mag.-kandidatane er for ein større del enn cand.philol. konsentrert om Oslo og Austlandet elles, med i alt 54 prosent for cand.mag. og 43 prosent for cand.philol. Få kandidatar arbeidde på Sørlandet og i Nord-Noreg, medan det var mange i Trøndelag (17 prosent av kandidatane mot at landsdelen berre har 9 prosent av busetnaden). Nesten annankvar cand.mag. (48 prosent) fekk kjennskap til stillinga gjennom arbeidsgjevarannonse. Men ein legg òg merke til at heile 24 prosent av dei yrkesaktive fekk kjennskap til stillinga ved eigen førespurnad.

Dei yrkesaktive fekk rask tilsetjing. Etter 4 veker hadde 58 prosent fått arbeid og i dei neste 4 vekene ytterlegare 19 prosent. Vurdering av utdanning i høve til arbeidsoppgåver var nokonlunde lik for cand.mag. og cand.philol.; 44 prosent (48 prosent) "godt", 46 prosent (44 prosent) "middels" og 10 prosent (8 prosent) "dårleg. Tala for cand.philol. er sette i parentes.

Det er òg ein klar samanheng mellom planar/ønskje om å skifta arbeid og det at kandidatane frå faggruppa berre er mellombels tilsette. Av dei 59 prosent som svarar at dei har planar/ønskje om å skifta arbeidsplass, oppgir heile 73 prosent at noverande stilling er mellombels/vikariat som hovudgrunn for å skifta arbeidsplass.

I vurderinga av arbeidsmarknadssituasjonen følgjer igjen cand.mag.-gruppa i store trekk resultatata for cand.philol. Vurderinga av arbeidsmarknadssituasjonen i Oslo-området er heller pessimistisk; 6 prosent meiner den er "god", 40 prosent "middels" og 54 prosent "dårleg". For "Resten av landet" svara hovudtyngda "middels" (25 prosent, 62 prosent, 13 prosent).

REALISTAR

Cand. real.

Uteksaminert våren 1979	:	187 personar
Ved undersøkinga svara	:	166 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	146 personar
av desse; yrkesaktive	:	142 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	4 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	2.7 prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 740 kroner

Resultata frå denne undersøkinga peikar i retning av ein lett arbeidsmarknadssituasjon for realistar våren 1979. Dei yrkesaktive utgjorde 86.2 prosent av kullet (berre ein liten del av kandidatane tok Pedagogisk seminar), og berre 4 av dei 146 arbeidssøkande (2.7 prosent) hadde "Vanskeleg å få arbeid". Heile 54 prosent av dei yrkesaktive kandidatane arbeidde ved universitet, høgskolar og forskningsinstitutt, ein stor del av desse i mellombelse vit.ass.- og stipendiatstillingar. Skolen sysselsette 31 prosent av kandidatane; 12 prosent i grunnskolen, 17 prosent i vidaregåande skole studieretning for allmenne fag og 2 prosent i andre studieretningar i den vidaregåande skolen. Elles byrja 9 prosent i privat sektor, 3 prosent i statsadministrasjonen og 2 prosent i offentleg sektor elles. Det var 1 prosent som ikkje gav opp arbeidsstad. Ein legg merke til at relativt fleire menn (35 prosent) enn kvinner (26 prosent) hadde fast arbeid. Med ei gjennomsnittleg månadsløn på 6 740 kroner tente realistane det same som gjennomsnittet for høgare grad.

Sidan 54 prosent av dei yrkesaktive kandidatane arbeidde ved universitet, høgkolar eller forskningsinstitutt, er arbeidsplassane meir konsentrerte for realkandidatar enn til dømes for filologar. Realistane arbeider i første rekke i Oslo. Arbeidsgjevarannonse var den viktigaste informasjonskjelda om stillinga (44 prosent), men heile 23 prosent fekk kjennskap til stillinga gjennom studiet. Det var 21 prosent som var tilsett på arbeidsstaden frå før.

Kullet frå våren 1979 vurderte utdanninga som god i høve til arbeidsoppgåvene; 69 prosent svara "godt", 24 prosent "middels" og 7 prosent "dårleg". Trass i dette gav annankvar realist opp at han ønskte/hadde planar om å skifta arbeidsplass i løpet av det komande året. Særleg merkeleg er ikkje dette når ein tek omsyn til den store delen med mellombels stillingar. Nett det at stillinga er mellombels/vikariat, vert òg gjeve opp som hovudgrunn for å skifta arbeidsplass (70 prosent). Arbeidsmarknadssituasjonen i Oslo-området vert vurdert som "middels" til "dårleg", 21 prosent meiner den er "god", 37 prosent "middels" og 42 prosent "dårleg". For "Resten av landet" ligg vurderinga litt i overkant av "middels"; 27 prosent svarar "god", 51 prosent "middels" og 22 prosent "dårleg".

Cand.mag.

Uteksaminert våren 1979	:	229 personar
Ved undersøkinga svara	:	206 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	42 personar
av desse; yrkesaktive	:	36 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	6 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(14.3)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 210 kroner

Det store fleirtalet av nyuteksaminerte cand.mag.-kandidatar (77.6 prosent) studerte vidare eit halvt år etter eksamen. Av dei 42 arbeidssøkande kandidatane, fann 6 det "Vanskeleg å få arbeid". Dei med "Vanskeleg å få arbeid" utgjorde 14.3 prosent av arbeidssøkarane. Ser ein gruppa med vanskar i høve til det samla talet kandidatar, vert prosentdelen redusert til 2.9.

Dei yrkesaktive kandidatane utgjorde i alt 17.5 prosent. Flesteparten av desse, 55 prosent, hadde mellombels arbeid ut over 6 månader, 28 prosent hadde fast arbeid og 17 prosent mellombels arbeid av kortare lengde enn 6 månader. Heile 72 prosent av dei yrkesaktive kandidatane arbeidde i skolen, fordelt med 61 prosent på grunnskolen, 3 prosent på vidaregåande skole studieretning for allmenne fag og 8 prosent på andre studieretningar i vidaregåande skole og andre skolar. Elles arbeidde 17 prosent ved universitet, høgskolar og forskningsinstitutt og 11 prosent i privat sektor. Gjennomsnittleg månadsløn for kandidatane var 6 210 kroner. Cand.mag. realistar vart dermed lønte noko høgare (140 kroner) enn cand.mag. filologar.

Ser ein på i kva landsdel dei yrkesaktive kandidatane arbeidde, finn ein at Trøndelag, Nord-Noreg og Oslo er sterkt "overrepresenterte"; langt fleire av kandidatane arbeider i desse landsdelane enn det folketallet skulle tilseia. Medan desse fylka har 9, 12 og 11 prosent av innbyggjarane viste det seg at 16, 22 og 20 prosent av kandidatane byrja å arbeida der. I hovudsak "går dette ut over" Austlandet elles og Sørlandet.

Kandidatane var positive i vurderinga av utdanning i høve til arbeidsoppgåver. 53 prosent tykte utdanninga passa "godt", 36 prosent "middels" og 11 prosent "dårleg". Vidare var det "berre" 39 prosent som ønskte/hadde planar om å skifta arbeid. Dette talet er lågt når ein tek omsyn til at mange kandidatar hadde mellombels arbeid. Mellombels arbeid er naturleg nok hovudgrunnen for dei som ønskjer å skifta arbeid. Også cand.mag.-kandidatane vurderer arbeidsmarknadssituasjonen til å vera dårlegare i Oslo-området (22 prosent "godt", 48 prosent "middels" og 30 prosent "dårleg") enn i "Resten av landet" (41 prosent, 46 prosent og 13 prosent).

JURISTAR

Cand. jur.

Uteksaminert våren 1979	:	226 personar
Ved undersøkinga svara	:	197 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	175 personar
av desse; yrkesaktive	:	153 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	22 personar
"Vanskeleg å få arbeid i prosent av dei arbeidssøkande	:	12.6 prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 520 kroner

Av dei 175 kandidatane som melde seg på arbeidsmarknaden, var det 22 som ikkje hadde fått høveleg arbeid etter eit halvt år; 12.6 prosent av dei arbeidssøkande hadde "Vanskeleg å få arbeid". Dette er klart den høgaste prosentdelen for dei største gruppene med høgare grad. Ei av årsakane til dette finn ein i det såkalla "laudkravet"; får ein kandidat dårlegare karakter enn laud, vert det vesentleg vanskelegare å få arbeid. Nær halvparten (48 prosent) av dei yrkesaktive kandidatane var i fast arbeid, 44 prosent hadde mellombels arbeid ut over 6 månader og berre 8 prosent var tilsette for kortare tid enn 6 månader.

To av tre juristar (67 prosent) gjekk inn i statsadministrasjonen, 12 prosent gjekk til privat sektor, medan fylkes- og kommuneadministrasjonen sysselsette 11 prosent av dei yrkesaktive. Elles byrja 5 prosent i offentleg sektor elles, 4 prosent ved universitet og høgskolar og 1 prosent i skolen. Juristane var med ei månadsløn på 6 520 kroner mellom dei dårlegast løna kandidatane med høgare grad.

Arbeidsplassane for nyutdanna juristar ligg for det meste i Oslo. Av dei yrkesaktive kandidatane frå vårkullet 1979, var det 72 prosent som byrja å arbeida der. Ut frå folketalet var det Sørlandet og Austlandet elles som fekk dårlegast dekning. Arbeidsgjevarannonse var stort sett informasjonskjelda om dei aktuelle arbeidsplassane, 78 prosent fekk kjennskap til stillinga på denne måten. Elles ser det ikkje ut til at dei yrkesaktive juristane brukte lengre tid på å skaffa seg arbeid enn gjennomsnittet for grupper med høgare grad. Rett nok fekk færre kandidatar enn gjennomsnittet arbeid dei to første vekene, men dette vert vege opp av at fleire enn gjennomsnittet får arbeid i periodane frå 3 til 10 veker.

Dei yrkesaktive kandidatane vurderte utdanninga som "god" i høve til arbeidsoppgåvene; 70 prosent svara "godt", 25 prosent "middels" og 5 prosent "dårleg". 43 prosent ønskte/hadde planar om å skifta arbeidsplass i løpet av det næraste året. Hovudgrunnen for halvparten (49 prosent) av desse var at stillinga var mellombels/vikariat. Vidare legg ein merke til at nyutdanna juristar ikkje ser særleg lyst på arbeidsmarknadssituasjonen, korkje i Oslo-området eller i "Resten av landet". I begge områda vert arbeidsmarknadssituasjonen vurdert til å vera under "middels", men dårlegast utanfor Oslo-området. Inndelt etter skalaen "god", "middels", og "dårleg" vert fordelinga: Oslo-området 17, 55 og 28 prosent, "Resten av landet" 13, 52 og 35 prosent.

SOSIALØKONOMAR*Cand.oecon.*

Uteksaminert våren 1979	:	29 personar
Ved undersøkinga svara	:	27 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	26 personar
av desse; yrkesaktive	:	22 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	4 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(15.4)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 830 kroner

Etter eit halvt år var det 4 kandidatar som ikkje hadde fått passande arbeid. Då i alt 26 kandidatar søkte arbeid, vert prosentdelen med "Vanskeleg å få arbeid" svært høg; 15.4 prosent. Dette er det største registrerte talet for høgare grad ved denne undersøkinga (ein må vera merksam på at observasjonsmaterialet er lite). Det er nærliggande å tru at sosialøkonoman møter noko av det same "laudkravet" som juristane; kandidatar med dårlege karakterar finn arbeidsmarknaden vanskeleg. For dei andre kandidatane verkar tilhøva svært lette. Delen med fast arbeid er høg (48 prosent av heile kullet), dei yrkesaktive kom raskt i arbeid og lønstilhøva vart betre. Etter 4 veker hadde heile 80 prosent av dei yrkesaktive fått tilsetjing. Berre veterinærane kan visa til høgare tal. Gjennomsnittsløna for nytdanna sosialøkonomar auka etter måten sterkt frå 1978 til 1979 (gjennomsnittet for høgare grad gjekk noko tilbake – pris- og lønsstoppen). Ved denne undersøkinga tente sosialøkonoman 6 830 kroner i månaden, 100 kroner meir enn gjennomsnittet for høgare grad. Det er første gongen ein har registrert høgare gjennomsnittsløn for nytdanna sosialøkonomar enn for alle nytdanna kandidatar med høgare grad.

Ein annan årsak til at nokre sosialøkonomikandidatar finn det "Vanskeleg å få arbeid", kan vera spesielle ønskje om kvar ein vil busetja seg. Kandidatane vurderer arbeidsmarknaden til å vera svært lett i Oslo-området, 92 prosent karakteriserer den som "god". Men i "Resten av landet" synest det som om arbeidsmarknadssituasjonen er heller "dårleg"; 16 prosent svarar "god", 42 prosent "middels" og 42 prosent "dårleg". Ønskjer ein å bu utanfor Oslo-området, kan det vera vanskeleg å få passande arbeid. Det viser seg òg at dei aller fleste yrkesaktive (heile 81 prosent) arbeider i Oslo. Ingen andre kandidatgrupper er så sterkt konsentrerte om ein del av landet.

Den største arbeidsplassen for nyutdanna sosialøkonomar er i den offentlege sektoren, 45 prosent av dei yrkesaktive arbeider i statsadministrasjonen. Ved universitet, høgskolar og forskningsinstitutt byrja 13 prosent, 5 prosent (1 kandidat) ved fylkesadministrasjonen og 9 prosent i offentlig sektor elles. 23 prosent av yrkeskandidatane gjekk til privat sektor, medan 1 kandidat ikkje gav opp næringssektor.

Det er berre 24 prosent av dei yrkesaktive som har planar/ønskje om å skifta arbeidsplass innan eit år. Saman med siviløkonomar, sivilingeniørar og arkitektar skil sosialøkonomane seg her klart ut. Ei rimeleg forklaring på dette er at ein så stor del av kandidatane har fast arbeid. Sosialøkonomane tykkjer vidare at utdanninga høver godt til arbeidsoppgåvene; 67 prosent svarar "godt", 28 prosent "middels" og 5 prosent "dårleg".

Exam. oecon.

Uteksaminert våren 1979	:	43 prosent
Ved undersøkinga svara	:	37 prosent
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	9 prosent
av desse; yrkesaktive	:	9 prosent
"Vanskeleg å få arbeid"	:	0 prosent
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(0)prosent

Av dei 37 kandidatane undersøkinga omfatter, var det 28 (75.7 prosent) som starta direkte på 2. avdelingsstudiet, medan 9 kandidatar gjekk ut i arbeidslivet. Av desse arbeidde 4 i statsadministrasjonen, 2 i kvar av gruppene privat sektor og skolen og 1 kandidat ved forskningsinstitutt. Tre av desse 9 kandidatane hadde fast arbeid.

I vurderinga av arbeidsmarknadssituasjonen er 1. avdelingskandidatane (exam.oecon.) noko meir varsame enn kandidatane med embetseksamen (cand.oecon.); for Oslo-området svarar 62 prosent "godt", 27 prosent "middels" og 11 prosent "dårleg". Tilsvarende tal for "Resten av landet" er 25, 36 og 39 prosent. Ein får altså ikkje her det klare skiljet mellom "godt i Oslo-området" og "dårleg i resten av landet".

PSYKOLOGAR*Cand.psychol. og mag.art.*

Uteksaminert våren 1979	:	45 personar
Ved undersøkinga svara	:	39 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	31 personar
av desse; yrkesaktive	:	29 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	2 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(6.5)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 410 kroner

Dei 29 yrkesaktive kandidatane var konsentrerte om to næringssektorar; 11 kandidatar arbeidde ved skolepsykologkontor/pedagogisk psykologisk distriktssenter og 9 kandidatar i helsesektoren. Elles arbeidde 5 ved universitet, høgskolar og forskningsinstitutt, 2 i statsadministrasjonen, 1 i helsesektoren og 1 i bygg og anlegg. To personar fann det "Vanskeleg å få arbeid". Med ei månadsløn på 6 410 kroner var psykologane mellom dei kandidatane som tente dårlegast.

Fleirtalet av dei yrkesaktive (65 prosent) var tilsette i mellombels stillingar ut over 6 månader, 28 prosent hadde faste stillingar medan dei resterande 7 prosent var tilsette for kortare tid enn 6 månader. At så mange er tilsette mellombels/i vikariat, er den klart viktigaste årsaka til at eit fleirtal av dei yrkesaktive (59 prosent) ønskjer/har planar om å skifta arbeid. Undersøkinga viser vidare at det tok noko lengre tid for psykologar å få arbeid enn det som var vanleg for kandidatar med høgare grad.

Arbeidsplassane for dei nyutdanna psykologane ser ut til (når ein tek omsyn til at utvalet er lite) å vera godt fordelte utover i landet. I dette utvalet verkar Oslo noko "overrepresentert". Det går ut over Austlandet elles og Trøndelag (landsdelane har 37 og 9 prosent av busetnadene, medan berre 28 og 3 prosent av dei yrkesaktive kandidatane byrjar der). Når det gjeld på kva måte dei yrkesaktive fekk kjennskap til stillingane, legg ein merke til at 21 prosent fekk det gjennom kjende. Ved å samanlikna med gjennomsnittstala for høgare grad, finn ein at psykologane vurderer utdanninga som svært bra i høve til arbeidsoppgåvene; 79 prosent svarar "godt", 17 prosent "middels" og 4 prosent "dårleg". Når det derimot gjeld å vurdere arbeidsmarknadssituasjonen i Oslo-området, blir denne sett på som reint dårleg; 73 prosent tykkjer den er "dårleg" og 27 prosent "middels". Det er altså ingen kandidatar som meiner arbeidsmarknadssituasjonen er "god". Vurderinga for "Resten av landet" er positiv; 55 prosent "god", 34 prosent "middels" og 11 prosent "dårleg".

SOSIOLOGAR

Cand.sociol., cand.polit. og mag.art.

Uteksaminert våren 1979	:	24 personar
Ved undersøkinga svara	:	20 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	18 personar
av desse; yrkesaktive	:	17 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	1 person
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(5.6)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	7 110 kroner

Av dei 18 sosiologane som svara på undersøkinga, hadde 5 fast arbeid, 10 mellombels arbeid ut over 6 månader og 2 mellombels arbeid for kortare tid enn 6 månader. Ein kandidat fann det "Vanskeleg å få arbeid". Samanlikna med gjennomsnittet for høgare grad, hadde mange sosiologar (i likskap med psykologar) mellombels arbeid. Gjennomsnittleg månadsløn var derimot høg. Med 7 110 kroner låg den nesten 400 kroner over gjennomsnittet for kandidatar med utdanning av høgare grad (også pedagogar og statsvitarar "tente godt").

Ut frå denne undersøkinga synest det som sosiologane får arbeid i dei største byane (Oslo, Bergen og Trondheim). Vurdering av utdanning i høve til arbeidsoppgåvar følgjer vurderinga for høgare grad sett under eitt; dei yrkesaktive kandidatane, 17 i talet, er gjennomgåande nøgde (65 prosent svara "godt", 29 prosent "middels" og 6 prosent "dårleg"). Ein legg merke til at meir enn halvparten (9 av 17) av dei nyutdanna sosiologane byrja ved universitet, høgskolar eller forskningsinstitutt. 4 kandidatar gjekk inn i skolen, 2 i nærings- og fagorganisasjonar, 1 i sentraladministrasjonen og 1 i sosialsektoren.

For meir enn halve kullet tok det stutt tid å skaffa seg arbeid; etter 4 veker hadde 59 prosent fått tilsetjing. Men for resten av kullet gjekk det tregare. 24 prosent fekk tilsetjing i perioden 9-12 veker og 17 prosent frå 15 til 18 veker. Sidan mange har mellombels arbeid, er det berre naturleg at eit fleirtal (59 prosent) gir opp at dei har ønskje/planar om å skifta arbeid. For 70 prosent av desse er dette hovudgrunnen. Ein legg elles merke til at sosiologane er pessimistiske i si vurdering av arbeidsmarknadssituasjonen samanlikna med høgare grad sett under eitt. I Oslo-området meiner 21 prosent den er "god", 41 prosent "middels" og 37 prosent "dårleg" (psykologar og pedagogar

vurderer den til å vera endå dårlegare), medan kandidatane oppfattar arbeidsmarknadssituasjonen som reint dårleg i "Resten av landet"; 5 prosent "god", 42 prosent "middels" og 53 prosent "dårleg". Berre filologar med mag.art.-utdanning ser like mørkt på arbeidsmarknads-situasjonen utanfor Oslo-området.

STATSVITARAR

Cand.polit. og mag.art.

Uteksaminert våren 1979	:	22 personar
Ved undersøkinga svara	:	20 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	20 personar
av desse; yrkesaktive	:	20 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	0 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(0)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	7 010 kroner

Resultata frå denne undersøkinga tyder på at arbeidsmarknadssituasjonen for nyutdanna statsvitarar er god. Alle kandidatane som svara på undersøkinga, var i arbeid eit halvt år etter eksamen. Rett nok ser det ut som ein del av kandidatane brukte lang tid på å skaffa seg arbeid; 2 kandidatar (10 prosent) fekk arbeid etter 11-12 veker, 1 etter 15-16 veker og 2 av kandidatane fekk tilsetjing 19 veker eller meir etter at dei byrja søka aktivt.

Av kandidatane hadde 35 prosent fast arbeid, 45 prosent mellombels arbeid ut over 6 månader og 20 prosent mellombels arbeid av kortare lengde enn 6 månader. Fleirtalet (60 prosent) byrja å arbeide i Oslo. Den næringssektoren som trekte til seg flest kandidatar var universitet, høgskolar og forskningsinstitutt. I alt var det 8 som arbeidde der. Elles arbeidde 7 i statsadministrasjonen, 2 i kommuneadministrasjonen, 2 i nærings- og fagorganisasjonar og 1 i industri og bergverk. Med ei gjennomsnittsløn på 7 010 kroner i månaden tente statsvitarane nærare 300 kroner meir enn gjennomsnittet for høgare grad.

Mellom statsvitarane var 60 prosent "godt" nøgde i vurderinga av utdanning i høve til arbeidsoppgåver, medan 40 prosent vurderte tilhøvet som "middels". Ni kandidatar ønskte/hadde planar om å skifta arbeid i det komande året. Som for dei fleste andre kandidatgruppene var hovud-

grunnen at stillinga var mellombels/vikariat. Kandidatane vurderte arbeidsmarknadssituasjonen i Oslo-området som positiv: 55 prosent "god" og 45 prosent "middels", medan dei karakteriserte den som "middels" i "Resten av landet" (25 prosent "god", 55 prosent "middels" og 20 prosent "dårleg").

PEDAGOGAR

Cand.paed., cand.polit. og mag.art.

Uteksaminert våren 1979	:	17 personar
Ved undersøkinga svara	:	15 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	15 personar
av desse; yrkesaktive	:	14 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	1 person
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(6.7)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	7 540 kroner

Av dei 15 arbeidssøkande pedagogane var det 1 som fann det "Vanskeleg å få arbeid". 6 kandidatar hadde fast arbeid. Dei 8 andre kandidatane hadde langvarig mellombels arbeid. Halvparten av dei yrkesaktive var tilsette i skolen (5 i grunnskolen og 2 i vidaregåande skole). Elles var 3 kandidatar tilsette ved universitet og høgskolar, 2 ved skolepsykologkontor/pedagogisk psykologisk distriktssenter og 1 kandidat i kvar av sektorane kommuneadministrasjon og politi og rettsvesen.

Kandidatane frå dette kullet arbeidde for det meste i Austlandsområdet. 79 prosent hadde arbeidsplassen sin der. Ein legg vidare merke til at så mykje som 43 prosent av dei yrkesaktive kandidatane var tilsette på arbeidsplassen frå før. Den tidlegare yrkeserfaringa gir lønsansienitet. Dette er truleg ein hovudgrunn til den høge gjennomsnittsløna for pedagogar; dei nytilsette kandidatane hadde ei gjennomsnittleg månadsløn på 7 540 kroner, 800 kroner meir enn gjennomsnittet for alle kandidatar med høgare grad.

Halvparten av dei yrkesaktive fekk tilsetjing raskt, for tre andre tok det noko lengre tid, medan 4 kandidatar (29 prosent) brukte 15 veker eller meir på å få arbeid. Pedagogane var mellom dei gruppene som var mest misnøgde med utdanninga i høve til arbeidsoppgåvene; 57 prosent vurderte den som "god", 29 prosent som "middels" og 14 prosent som

"dårleg". Dette gir seg òg utslag i at av den halvparten som ønskjer/ har planar om å skifta arbeid, ønskte 29 prosent eit arbeid som svara betre til utdanninga. Men for 43 prosent var også her hovudgrunnen at stillinga var mellombels/vikariat. Arbeidsmarknadssituasjonen i Oslo-området vart vurdert til å vera "dårleg" (14 prosent "god", 43 prosent "middels" og 43 prosent "dårleg"), medan kandidatane meinte arbeidsmarknadssituasjonen var "god" i "Resten av landet" (66 prosent "god", 27 prosent "middels" og 7 prosent "dårleg").

CAND.MAG. I SAMFUNNSFAG

Uteksaminert våren 1979	:	80 personar
Ved undersøkinga svara	:	62 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	25 personar
av desse; yrkesaktive	:	18 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	7 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(28.0)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 390 kroner

Heile 28 prosent av kandidatane som prøvde seg på arbeidsmarknaden, fann det "Vanskeleg å få arbeid". Dette er det klart høgaste talet som er registrert ved denne undersøkinga.

Dei 18 yrkesaktive kandidatane fordelte seg med 7 i grunnskolen, 5 i statsadministrasjonen, 2 ved forskningsinstitutt, 2 i kommuneadministrasjonen, 1 i sosialsektoren og 1 i nærings- og fagorganisasjonar. Av kandidatane hadde 7 fast arbeid, 7 mellombels arbeid ut over 6 månader og 4 kandidatar hadde mellombels arbeid av kortare lengde enn 6 månader. Ein merker seg elles at med 6 390 kroner i gjennomsnittsløn, tener desse kandidatane vel 100 kroner mindre pr måned enn ferdig utdanna juristar.

Berre 33 prosent av kandidatane meinte at utdanninga passa "godt" til arbeidsoppgåvene. Inga anna kandidatgruppe hadde ei så negativ vurdering. Elles meinte 56 prosent av kandidatane at utdanninga høvde "middels" og 11 prosent "dårleg". Arbeidsmarknadssituasjonen vart karakterisert som noko under "middels" både i Oslo-området og i "Resten av landet".

VETERINÆRAR

Uteksaminert våren 1979	:	14 personar
Ved undersøkinga svara	:	14 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	12 personar
av desse; yrkesaktive	:	12 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	0 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(0)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	10 060 kroner

Våren 1979 blei 14 veterinærstudentar uteksaminerte. Eit halvt år etter hadde dei 12 kandidatane som melde seg på arbeidsmarknaden, fått tilsetjing. To hadde fast arbeid, 7 var mellombels tilsette for lengre tid enn 6 månader og 3 hadde fått arbeid for mindre enn 6 månader. Arbeidsplassane for dette kullet er konsentrerte i 2 område; 5 kandidatar arbeider i Trøndelag og 4 i området som er kalla Austlandet elles (utanom Oslo).

Undersøkinga viser elles ei svært høg gjennomsnittsløn for veterinærane, heile 10 060 kroner pr måned. Det er her mest truleg at reine tilfelle slår kraftig ut. Blant veterinærane var det nemleg berre 5 kandidatar som svara på spørsmålet om lønsoppgåver. Med så få observasjonar vil "ekstremverdiar" slå sterkt ut. I dette tilfellet er det rimeleg å tru det har gitt ei alt for høg gjennomsnittsløn, sjølv om mykje tyder på at nyutdanna veterinærar vert løna langt betre enn det som er vanleg for kandidatar med høgare grad (sjå resultat frå tidlegare undersøkingar, Tabell 3.3).

Av kandidatane fekk 5 kjennskap til stillinga gjennom kjende, og alle kandidatane, med unnatak av ein, fekk tilsetjing etter særstutt tid. Denne eine kandidaten brukte til gjengjeld lang tid på å få arbeid (meir enn 19 veker). Vidare vurderer 11 av 12 kandidatar utdanninga som "god" i høve til arbeidsoppgåvene.

Som tidlegare nemd har mange av dei yrkesaktive mellombels tilsetjing. Dette blir òg gitt opp som hovudgrunn for dei 67 prosent som ønskjer/ har planar om å skifta arbeidsplass i løpet av det komande året. Heile 13 av 14 kandidatar vurderer arbeidsmarknadssituasjonen som "god" i "Resten av landet", 1 kandidat meiner den er "middels". I Oslo-området karakteriserer 75 prosent av kandidatane arbeidsmarknadssituasjonen som "middels", 8 prosent held den for å vera "god" og 17 prosent "dårleg".

FARMASØYTAR*Cand. pharm.*

Uteksaminert våren 1979	:	32 personar
Ved undersøkinga svara	:	31 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	26 personar
av desse; yrkesaktive	:	25 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	1 person
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(3.9)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	7 060 kroner

Eit fleirtal av dei yrkesaktive farmasøytane (13 av 25) var eit halvt år etter eksamen tilsette i fast arbeid. 7 kandidatar hadde mellombels arbeid ut over 6 månader, medan 5 kandidatar var tilsette for kortare tid. Den vanlegaste arbeidsplassen finn ein i varehandel, 12 kandidatar var tilsette der. Elles arbeidde 5 i industri og bergverk, 4 ved universitet og høgskolar, 3 i helsesektoren og 1 kandidat i statsadministrasjon. Ein av kandidatane fann det "Vanskeleg å få arbeid". Dette utgjer 3.9 prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden. Med ei gjennomsnittsløn på 7 060 kroner i månaden, tente dette kullet av farmasøytar vel 300 kroner meir enn gjennomsnittet for høgare grad.

Eit klart fleirtal av dei nyuteksaminerte kandidatane (64 prosent) arbeidde i Oslo, og arbeidsgjevarannonse var den vanlegaste informasjonskjelda om stillinga. I vurderinga av utdanning i høve til arbeidsoppgåver, var farmasøytane, med 71 prosent "godt" og 29 prosent "middels", noko meir nøgde enn gjennomsnittet for høgare grad. Ein ser vidare at også for denne kandidatgruppa er mellombels tilsetjing grunn til ønskje/planar om å skifta arbeidsplass. Heile 89 prosent av dei som vil skifta arbeid ønskjer dette avdi stillinga er mellombels. Arbeidsmarknaden i Oslo-området vert vurdert til å vera "middels"; 19 prosent "god", 58 prosent "middels" og 23 prosent "dårleg". I "Resten av landet" meiner kandidatane at arbeidsmarknaden er rett bra; 73 prosent tykkjer den er "god", 27 prosent "middels".

SIVILØKONOMAR

Uteksaminert våren 1979	:	136 personar
Ved undersøkinga svara	:	122 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	77 personar
av desse; yrkesaktive	:	74 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	3 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	3.9 prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 700 kroner

Det viste seg at 8 av dei siviløkonomane som svara på spørjeskjemaet, var i utlandet på teljingstidspunktet. Dermed vart 114 kandidatar tekne med i den vidare undersøkinga. Av desse hadde omlag halvparten, 58 kandidatar, fast arbeid, 14 hadde mellombels arbeid for lengre tid enn 6 månader og 2 kandidatar hadde tilsetjing for kortare tid (mindre enn 6 månader). Mellom dei yrkesaktive utgjer kandidatane med fast arbeid heile 78 prosent. (Berre arkitektane og distriktshøgskolekandidatane kan visa til tilsvarande tal.) Den private sektor sysselsette flest siviløkonomar. I alt hadde 42 kandidatar (57 prosent) søkt seg dit. Av desse arbeidde 16 med forretningsmessig tenesteyting, 12 i industri og bergverk, 7 i varehandel, 4 i bank og forsikring og 3 i samferdsel. Elles arbeidde 11 kandidatar i statsadministrasjonen, 9 ved universitet, høgskolar og forskningsinstitutt, 6 i skolen og 3 i fylkes- og kommuneadministrasjon og 3 i statlege bank- og finansieringsinstitusjonar. Med 6 700 kroner i månadsløn tente dei nyutdanna siviløkonomane omtrent det same som gjennomsnittet for høgare grad.

Mange siviløkonomar (16 kandidatar (14 prosent)) studerte vidare. Dei fleste av desse byrja på høgare avdelingsstudium eller tok revisor-eksamen. 3 av kandidatane fann det "Vanskeleg å få arbeid", 3.9 prosent av dei som melde seg på arbeidsmarknaden hadde vanskar. Dette, saman med at dei yrkesaktive kandidatane raskt fekk arbeid, peikar i retning av at arbeidsmarknaden var lett for siviløkonomar i 1979.

Dei yrkesaktive kandidatane verkar ikkje heilt nøgde i vurderinga av utdanning i høve til arbeidsoppgåver; 56 prosent meiner den er "god", 41 prosent "middels" og 3 prosent "dårleg". Berre 27 prosent av kandidatane ønskjer/har planar om å skifta arbeid (prosentdelen med fast arbeid er høg), og ikkje meir enn annankvar kandidat gir opp mellombels arbeid som årsak til skifte av stilling. I vurderinga av arbeidsmarknadssituasjonen i Oslo-området, har siviløkonomane den same positive vurderinga som sosialøkonomane, 90 prosent held den for å vera "god".

9 prosent "middels" og 1 prosent "dårleg". Siviløkonomane vurderer òg arbeidsmarknadssituasjonen i resten av landet til å vera bra; 35 prosent "god", 53 prosent "middels" og 12 prosent "dårleg".

SIVILINGENIØRAR¹⁾

Uteksaminert våren 1979 ²⁾	:	117 personar
Ved undersøkinga svara	:	99 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	79 personar
av desse; yrkesaktive	:	72 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	7 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	8.9 prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 840 kroner

Tre fjerdedelar av kandidatane frå våren 1979 var yrkesaktive eit halvt år etter eksamen, medan 13.5 prosent avtente verneplikta. Sju kandidatar hadde ikkje fått passande arbeid. Desse utgjer 8.9 prosent av dei 79 nyutdanna kandidatane som melde seg på arbeidsmarknaden. Delen av sivilingeniørar som hadde "Vanskeleg å få arbeid", ligg 1.5 prosentpoeng over gjennomsnittet for høgare grad. Av dei 7 kandidatane hadde 3 eksamen frå almenavdelinga, 2 frå elektro, medan det var ein kandidat frå kvar av avdelingane berg og kjemi.

Dei yrkesaktive sivilingeniørane frå vårkullet 1979 gjekk i hovudsak anten til universitet, høgskolar og forskningsinstitutt (36 kandidatar) eller til privat sektor (33 kandidatar). Berre 3 kandidatar byrja utanfor desse sektorane (2 i statsadministrasjonen og 1 i helsesektoren). Innan privat sektor var det industri og bergverk som tok i mot flest kandidatar, 19 byrja der. Elles arbeidde 11 kandidatar med forretningsmessig tenesteyting. Med ei gjennomsnittsløn på 6 840 kroner i månaden, tente dei nyutdanna sivilingeniørane vel 100 kroner meir enn gjennomsnittet for høgare grad.

Ved undersøkinga fann ein altså at annankvar yrkesaktiv kandidat arbeidde anten ved universitet, høgskole eller forskningsinstitutt. Dette synest å vera grunnen til at så mykje som 43 prosent av kandidatane har arbeidsplassen sin i Trøndelag. Ein legg vidare merke til at 28 prosent av

- 1) Også kandidatane frå hausten 1979 er blitt spurde om arbeidsmarknads-situasjonen. Resultata frå denne undersøkinga er sett inn som eit vedlegg til meldinga.
- 2) Omfattar nye diplomkandidatar. Kandidatar som våren 1979 tok opp att ein eller fleire eksamenar, er ikkje rekna med.

kandidatane var tilsette på arbeidsstaden frå før og at 15 prosent fekk kjennskap til arbeidet gjennom studiet. Forutan i Trøndelagsområdet var det mange nyuteksaminerte kandidatar som arbeidde i Oslo (31 prosent). Dei yrkesaktive fekk arbeid gjennomgåande raskt. Alt etter 4 veker hadde 70 prosent tilsetjing.

Vurderinga av utdanning i høve til arbeidsoppgåver var positiv; 78 prosent tykte den var "god", 21 prosent "middels" og 1 prosent "dårleg". Få kandidatar, berre fjerdeparten, hadde ønskje/planar om å skifta arbeidsplass i løpet av det komande året. For dei fleste av desse (61 prosent) var grunngjevinga at stillinga var mellombels/vikariat. Kandidatane vurderte vidare arbeidsmarknadssituasjonen til å vera langt betre i Oslo-området enn i "Resten av landet". I Oslo-området vart arbeidsmarknadssituasjonen karakterisert som "god" (61 prosent "god", 23 prosent "middels" og 16 prosent "dårleg"), medan den i "Resten av landet" var "middels" (34 prosent "god", 38 prosent "middels" og 28 prosent "dårleg").

ARKITEKTAR

Uteksaminert våren 1979	:	43 personar
Ved undersøkinga svara	:	36 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	28 personar
av desse; yrkesaktive	:	26 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	2 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	(7.1)prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	7 120 kroner

Av dei 28 arbeidssøkande kandidatane opplyste 2 kandidatar at dei hadde funne det "Vanskeleg å få arbeid". Heile 22 av dei yrkesaktive kandidatane var i fast arbeid, 2 hadde mellombels arbeid ut over 6 månader medan 2 hadde tilsetjing for kortare tid enn 6 månader. Også for dei nyuteksaminerte arkitektane var Oslo den delen av landet som trekte til seg flest kandidatar, 31 prosent av dei yrkesaktive frå vårkullet 1979 arbeidde der. Men ein legg òg merke til at så mykje som 23 prosent arbeider i Nord-Noreg. Dei to vanlegaste måtane å få kjennskap til stillinga var ved eigen førespurnad (38 prosent) og at kandidatane var tilsette på arbeidsplassen frå før (31 prosent). Etter 8 veker hadde 88 prosent av dei yrkesaktive fått tilsetjing.

Dei yrkesaktive kandidatane var spreidde på få sektorar. Heile 23 arbeidde med forretningsmessig tenesteyting (private arkitektkontor), 2 ved universitet og høgskolar og 1 i kommuneadministrasjonen. Gjennomsnittsløna for arkitektane var 7 120 kroner. Dette låg nærare 400 kroner over gjennomsnittet for høgare grad. Høg gjennomsnittsløn kan skuldast at omlag kvar tredje kandidat var tilsett på arbeidsstaden frå før.

Kandidatane var positive i vurderinga av utdanning i høve til arbeidsoppgåver, 77 prosent karakteriserte den som "god", medan 23 prosent meinte den var "middels". Ikkje i noko anna gruppe var det så få kandidatar (23 prosent) som ønskte/hadde planar om å skifta arbeid. Kandidatane såg ikkje særleg lyst på arbeidsmarknadssituasjonen. For Oslo-området vurderte 10 prosent den som "god", 45 prosent "middels" og 45 prosent "dårleg", medan tala for "Resten av landet" var 22, 59 og 19 prosent. Begge desse vurderingane gir uttrykk for ei meir pessimistisk haldning enn det gjennomsnittet for høgare grad representerer.

LANDBRUKSKANDIDATAR

Uteksaminert våren 1979	:	203 personar
Ved undersøkinga svara	:	185 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	153 personar
av desse; yrkesaktive	:	143 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	10 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidssøkande	:	6.5 prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	6 350 kroner

Frå vorkullet 1979 var det 153 kandidatar som melde seg på arbeidsmarknaden. Eit halvt år seinare hadde 10 av desse (6.5 prosent) endå ikkje fått passende arbeid. Kandidatane utan passende arbeid hadde eksamen frå ei rekke ulike studieretningar. To kandidatar kom frå kvar av linene plantedyrking i jord- og hagebruk, landbruksteknikk og skogbruk, medan det var ein arbeidslaus mellom kandidatane frå kvar av studieretningane allsidig jordbruk, husdyrbruk, naturforvaltning og jordskifte (sjå tabell 6.4). Av tabellane 6.1 og 6.2 går det fram at medan ingen kvinnelege kandidatar hadde "Vanskeleg å få arbeid", hadde 10 av 150 menn vanskar.

Av dei 143 yrkesaktive hadde 62 prosent fast arbeid, 34 prosent mellom-
bels arbeid ut over 6 månader og 4 prosent kortare engasjement enn 6
månader. Privat sektor sysselsette flest nyuteksaminerte landbruks-
kandidatar. I denne sektoren var det 44 som hadde arbeidsplassen sin.
Vidare arbeidde 41 ved universitet, høgskolar og forskningsinstitutt,
33 i statsadministrasjonen, 12 i fylkes- og kommuneadministrasjonen,
11 i skolen og 2 i helsesektoren. (Ei nærare fordeling på næringssektor
og studieretning finn ein i Tabell 6.8.) Gjennomsnittleg månadsløn var
med 6 350 kroner den lågaste for kandidatar av høgare grad.

Landbrukskandidatane er den gruppa der fordeling av arbeidsplassar på
landsdelar svarar best til busetnaden rundt om i landet (SÅ 1979). Av
oppsettet nedanfor ser ein at samsvaret er godt.

Landbrukskandidatar og innbyggjarar i alt etter landsdel 1979. Prosent.							
	Austlandet		Sør- landet	Vest- landet	Trønde- lag	Nord- Noreg	Sum
	Oslo	Aust- landet elles					
Landbrukskandidatar	17	37	6	19	5	16	100
Innbyggjarar (1979)	11	37	6	25	9	12	100

For kandidatkullet frå våren 1979 er Oslo og Nord-Noreg noko "over-
representert" i høve til Vestlandet og Trøndelag (sjå elles Tabell 4.3).

Av Tabell 4.5 ser ein at dei yrkesaktive landbrukskandidatane brukte
noko lengre tid enn gjennomsnittet for høgare grad på å skaffa seg
arbeid. Vidare var dei noko meir mellomnøgde i vurdering av utdanning
i høve til arbeidsoppgåver; 56 prosent svara "godt", 41 prosent "middels"
og 3 prosent "dårleg". Trass i dette var det mellom landbrukskandi-
datane færre enn gjennomsnittet som ønskte/hadde planar om å skifta
arbeidsplass. For dei som gjekk med slike planar, var grunngevinga
at stillinga var mellombels/vikariat. Til slutt vart kandidatane bedne
om å vurdere arbeidsmarknadssituasjonen. I Oslo-området vurderte 35
prosent den som "god", 46 prosent "middels" og 19 prosent "dårleg".
Dei tilsvarande tala for "Resten av landet" var 52 prosent, 43 prosent
og 5 prosent.

DISTR IKTSHØGSKOLEKANDIDATAR

Uteksaminert våren 1979	:	556 personar
Ved undersøkinga svara	:	477 personar
Melde seg på arbeidsmarknaden	:	334 personar
av desse; yrkesaktive	:	283 personar
"Vanskeleg å få arbeid"	:	51 personar
"Vanskeleg å få arbeid" i prosent av dei arbeidsøkande	:	15.3 prosent
Gjennomsnittleg månadsløn	:	5 670 kroner

Mange distriktshøgskolekandidatar fann det "Vanskeleg å få arbeid", 51 av dei 334 kandidatane som melde seg på arbeidsmarknaden hadde vanskar. Dette gir ein prosentdel på 15.3. Mellom dei større gruppene er det berre cand.mag. av filologar som kan visa til høgare tal. I Tabell 6.5 er kandidatane inndelte etter aktivitet og studieretning. Av dette oversynet verkar det som kandidatane frå dei 3 "store" studieretningane reiseliv, natur- og miljøvern/natur- og ressursfag og samfunnsfagleg, offentleg administrasjon, lokalsamfunn/lokalplanlegging hadde størst vanskar. Det synest vidare som kandidatane frå studieretningene revisjon, transportfag/skipsfartsfag, sosionomutdanning og teknisk/økonomisk studieretning hadde små vanskar på arbeidsmarknaden. I undersøkinga kom det òg fram (sjå tabellane 6.1 og 6.2) at ein større del av kvinnene enn mennene hadde vanskar med å få arbeid. Prosenttala var 13.5 og 9.4.

Mellom dei yrkesaktive var 78 prosent tilsette i faste stillingar. Samanlikna med andre grupper, er dette ein høg del. Nitten prosent hadde mellombels arbeid ut over 6 månader, medan 3 prosent var engasjerte for kortare tid. Flest yrkesaktive kandidatar fann ein innan privat sektor, 66 prosent arbeidde der. Vidare var 9 prosent sysselsette i fylkes- og kommuneadministrasjonen, 5 prosent i statsadministrasjonen og 10 prosent i offentleg sektor elles. I skoleverket arbeidde 5 prosent av dei yrkesaktive kandidatane, 5 prosent var òg tilsette ved universitet, høgskolar og forskningsinstitutt. Eit nærare oversyn av fordeling på næringssektor og studieretning finn ein i Tabell 6.9.

Det var stor skilnad i løn mellom kandidatar frå ulike studieretningar (det er her ikkje teke omsyn til eventuell tidlegare praksis). Høgast gjennomsnittsløn finn ein for kandidatar med teknisk-naturvitskapleg og teknisk/økonomisk studieretning. Deretter kom kandidatar frå media og kommunikasjon og "økonomilinene" (økonomisk/administrativ, revisjon og transport/skipsfartsfag). Dårlegast løna var kandidatar frå sosial-

pedagogikk, kristendomskunnskap og kyrkejelydsarbeid og frå natur- og miljøvern/natur- og ressursfag. Sett under eitt var gjennomsnittsløna for alle distriktshøgskolekandidatane 5 670 kroner. Dette er den lågaste gjennomsnittsløna som er registrert ved undersøkinga for vårkullet 1979.

Flesteparten av arbeidsplassane for nyutdanna distriktshøgskolekandidatar låg på Vestlandet (34 prosent) og i Oslo (31 prosent). Tida det tok før kandidatane fekk tilsetjing, svara godt til gjennomsnittstida for alle kandidatgruppene sett under eitt. Vidare meinte 56 prosent av kandidatane at utdanninga sett i høve til arbeidsoppgåvene var bra, 34 prosent heldt den for å vera "middels" og 10 prosent "dårleg". Det var 39 prosent av kandidatane som ønskte/hadde planar om å skifta arbeid. Hovudgrunnar til dette var mellombels stilling/vikariat (32 prosent), ønskje om høgare løn (24 prosent) og ønskje om arbeid som svara betre til utdanninga (22 prosent). Halvparten av kandidatane heldt arbeidsmarknadssituasjonen for å vera "god" i Oslo, 30 prosent meinte den var "middels" og 20 prosent "dårleg". Den tilsvarande vurderinga for "Resten av landet" gav 23, 48 og 29 prosent.

Tabell 4.10 fordeler dei yrkesaktive distriktshøgskolekandidatane etter lærestad og arbeidsplassfylke. Flest kandidatar arbeider i Oslo (31 prosent). Desse vert rekrutterte frå alle distriktshøgskolane, men etter måten få kandidatar kjem frå Nordland og Rogaland. Kandidatane frå desse to fylka har for det meste funne seg arbeidsplass i heimefylka. Av dei yrkesaktive er 14 prosent sysselsette i Rogaland; 72 prosent av dei som er utdanna ved Rogaland distriktshøgskole arbeider i fylket. Tilsvarande tal for Nordland er 7 og 46 prosent. Eit anna gjennomgåande trekk er at dei fylka som har distriktshøgskolar rekrutterer "sine kandidatar" frå desse:

Prosentdel av fylket sine nyttilsette kandidatar som har teke eksamen ved distriktshøgskolen i fylket							
Agder- fylka	Opp- land	Møre og Romsdal	Nord- land	Roga- land	Sogn og Fjordane	Tele- mark	Øst- fold
100	33	83	60	85	20	50	58

At ein stor del av distriktshøgskolekandidatane arbeider i Oslo, ser ein òg av Tabell 4.11. Ein ser der på samanhangen mellom gymnasfylke og arbeidsplassfylke (talet på DH-kandidatar er ulike i Tabell 4.10 og 4.11 avdi enkelte av kandidatane ikkje har examen artium). Det andre hovudintrykket tabellen gir er at mange kandidatar arbeider i det fylke der dei tok examen artium. For vårkullet i 1979 utgjorde desse 46 prosent av dei yrkesaktive kandidatane.

GYMNASFYLKE SETT I HØVE TIL ARBEIDSPLOSSFYLKE FOR AKADEMIKARAR UTANOM
DISTRIKTSHØGSKOLEKANDIDATAR

Tabell 4.12 gir opplysningar om i kva fylke dei yrkesaktive kandidatane utanom DH) tok examen artium og i kva fylke dei arbeidde eit halvt år etter eksamen. Også ved denne inndelinga av kandidatane er det to trekk som dominerer. For det første ser ein at mange kandidatar, 38 prosent, arbeider i Oslo. Det andre ein legg merke til er at 35 prosent av dei yrkesaktive kandidatane arbeider i det fylket der dei ein gong gjekk på gymnas. (Ein må her leggja merke til at kandidatane som har teke artium i Oslo og som arbeider i dette fylket (12 prosent), er med i begge dei attgjevne prosenttala.)

Det er altså mykje som tyder på at dei nyuteksaminerte kandidatane trekkjer til "heimlege trakter" etter avslutta utdanning. Tek ein utgangspunkt i gymnasfylka og reknar opp kor mange som arbeider i desse eller i tilgrensande (geografisk) fylke, kjem ein fram til at heile 56 prosent arbeider i desse område. Det er rimeleg å tru at for dei fleste fag er dette talet endå høgare. Nokre faggrupper trekker talet ned. Det er i første rekke juristar, siviløkonomar, sivilingeniørar og sosialøkonomar. (For alle desse gruppene er det få som arbeider i skolen.) Av Tabell 4.3 går det fram at nyutdanna juristar og sosialøkonomar stort sett arbeider i Oslo, medan siviløkonomane anten arbeider i Oslo eller på Vestlandet. Ein stor del sivilingeniørar byrjar arbeida i Trøndelag. Men desse faga har ei breiare rekruttering ut over landet enn tala i Tabell 4.3 skulle tilseia.

Av Tabell 4.12 kan ein fordela kandidatane relativt etter kvar dei har teke artium (kandidatar med artium frå utlandet er haldne utanfor materialet). Nedanfor har vi sett dette saman med den relative fordelinga av innbyggjarar frå fylke. (Desse tala er henta frå Statistisk Årbok 1979):

Nye kandidatar utanom distriktshøgskolekandidatar etter i kva fylke dei tok examen artium og innbyggjarar i alt etter bustadfyike. 1979. Prosent.																				
	Østfold	Akershus	Oslo	Hedmark	Oppland	Buskerud	Vestfold	Telemark	Aust-Agder	Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Segn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	Sum
Nye kandidatar utanom distriktshøgskolekandidatar	4.9	9.5	17.6	3.6	3.7	4.1	4.1	2.1	2.5	7.1	8.9	3.2	5.5	7.6	3.8	4.7	3.8	2.2	1.1	100
Innbyggjarar i alt	5.7	9.0	11.2	4.6	4.4	5.2	4.5	4.0	2.2	3.3	7.3	9.6	2.6	5.8	6.0	3.1	6.0	3.6	1.9	100

Oslo er sterkt "overrepresentert" mellom dei som tek høgare utdanning når ein ser den relative delen kandidatar i høve til relativ fordeling av innbyggjarar. Deretter følgjer Sør-Trøndelag, Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag. Dei fylka som peikar seg ut i den andre retninga er Finnmark, Troms, Buskerud, Vest-Agder, Hedmark og Nordland. Frå desse fylka var det "få" som fullførte høgare utdanning i 1979.

I oversynet under ser ein på kor stor del av kandidatane som eit halvt år etter eksamen arbeider i det fylket der dei ein gong tok examen artium.

Prosentdelen av nye kandidatar utanom distriktshøgskolekandidatane som arbeider i det fylket dei tok examen artium. Tal for fylka 1979.																		
Østfold	Akershus	Oslo	Hedmark	Oppland	Buskerud	Vestfoid	Telemark	Aust-Agder	Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark
16	20	71	11	35	13	17	17	19	12	38	42	25	22	50	18	30	50	-

Prosentdelen er klart størst for Oslo (71), men også så mykje som annan- kvar av kandidatane med artium frå Sør-Trøndelag og Troms arbeider i desse fylka. Hordaland (42 prosent), Nordland (40 prosent), Rogaland (38 prosent) og Oppland (35 prosent) kan òg visa til høge tal. På den andre sida er delen som arbeider i "eige" fylke liten for Finnmark (0 prosent), Hedmark (11 prosent), Vest-Agder (12 prosent) og Buskerud (13 prosent).

Tabell 4.1. Uteksaminerte kandidatar og svarprosent for vårkullet 1979 (førespurde ca $\frac{1}{2}$ år etter eksamen, pr 15. november 1979).

Kandidatgruppe	Ut-eksaminerte kandidatar	Ved undersøkinga svara	Svarprosent	Dei som svara inndelte etter bustad på teljingstidspunktet	
				I utlandet	I Noreg ¹⁾
Filologar (Cand.philol.)	190	170	89.5	2	168
Filologar (Mag.art.)	13	10	76.9	-	10
Realistar (Cand.real.)	187	166	88.8	1	165
Juristar	226	197	87.2	1	196
Sosialøkonomar (Cand.oecon.)	29	27	93.1	-	27
Psykologar	45	39	86.7	-	39
Sosiologar	24	20	83.3	-	20
Statsvitarar	22	20	90.9	-	20
Pedagogar	17	15	88.2	-	15
Veterinærar	14	14	100.0	-	14
Farmasøytar	32	31	96.9	-	31
Siviløkonomar	136	122	89.7	8	114
Sivilingeniørar	117	99	84.6	3	96
Arkitektar	43	36	83.7	1	35
Landbrukskandidatar	203	185	91.1	2	183
HØGARE GRAD	1 298	1 151	88.7	18	1 133
Filologar (Cand.mag.)	405	342	84.4	4	338
Realistar (Cand.mag.)	229	206	90.0	-	206
Samfunnsvitarar (Cand.mag.)	80	62	77.5	1	61
Sosialøkonomar (Exam.oecon.)	43	37	86.0	-	37
LÅGARE GRAD	757	647	85.5	5	642
Distriktshøgskolekandidatar	556	477	85.8	-	477
ALLE KANDIDATAR	2 611	2 275	87.1	23	2 252

1) Berre desse kandidatane som oppheldt seg i Noreg på teljingstidspunktet, er tekne med i den vidare undersøkinga.

